

# **Det nye samarbeidet**

Bruk av IKT i skule-heim-samarbeid

**Borghild Gullberg Bakka**

**Masteroppgåve – IKT i læring**

**Høgskolen Stord/Haugesund**

**Haust 2011**

## **Samandrag**

Masteroppgåva sitt overordna mål har vore å undersøke korleis foreldre og lærarar forstår og nyttar seg av IKT i skule-heim-samarbeid. Undersøkinga vart gjennomført vinteren og våren 2011, og informantane var foreldre og lærarar frå to ulike klassar som nyttar seg av IKT samarbeidet mellom heim og skule. Totalt var seks informantar med i undersøkinga.

## **Problemområde**

Skule-heim-samarbeid er relevant på alle alderstrinn i grunnskulen, og både foreldre og skule ynskjer å fremje eit best mogleg samarbeid mellom desse institusjonane for å styrke den einskilde elev sin skulefaglege og sosiale framgang. Etter kvart som det digitale samfunnet utviklar seg, meiner eg at det vert naturleg å ta i bruk digitale verktøy i samarbeidet mellom heim og skule, og dermed har eg valt følgjande problemstilling:

*Korleis forstår og praktiserer foreldre og lærarar bruk av IKT i skule-heim-samarbeid?*

## **Metode**

Undersøkinga byggjer på tidlegare forsking og litteratur rundt generelt skule-heim-samarbeid, og den litteraturen som føreligg rundt bruk av IKT i skule-heim-samarbeid, samt at det inngår teori om kommunikasjon.

Problemstillinga som er reist, er forsøkt funne svar på ved hjelp av kvalitativ tilnærming, og det blir argumentert for dette valet. Datainnsamlinga er gjort ved eit kvalitativt forskingsintervju. Intervjua vart tatt opp og transkribert til tekst. Gjennom heile arbeidet med oppgåva har eg hatt eit fenomenologisk standpunkt. Eg er ute etter korleis menneska erfarer og opplever IKT-samarbeidet mellom skule og heim.

## **Empiri**

Funna vert presentert og drøfta i tråd med teori som er presentert. Eg presenterer funna og drøftar desse hovudsakleg i tråd med Nordahl (2007) sine tre nivå i skule-heim-samarbeid.

## **Konklusjonar**

Både foreldre og lærarar er positive til å bruke IKT i samarbeidet dei i mellom. Dei ynskjer å formalisere eit IKT-samarbeid, slik at dette blir likestilt med det tradisjonelle samarbeidet. Foreldra synest at det er utviklingspotensial, og ynskjer at samarbeidet skal vere meir enn eit informasjonssamarbeid. Både SMS, heimeside, telefon og e-post vert brukt, men ikkje nok. Særleg synest informantane at e-post er eit verktøy dei kunne

tenke seg å bruke meir, men at dei ikkje synest at dette er sikkert nok. Nokre nemner at ved bruk av IKT er det lettare at sensitive opplysningar kjem på avveie, og andre ynskjer digitale signaturar i e-posten.

Funna viser at foreldra opplever at dei har god kommunikasjon med skulen og at dei vert informerte i forhold til barna sin skuledag, men at kontakten mellom lærar og foreldre er prega av informasjon frå skulen og læraren si side, heller enn påverknad. Informantane meiner dei har ein god dialog og problem vert drøfta i fellesskap, men saknar å ha meir medverknad, og medbestemming eksisterer i heller liten grad. Nokre av informantane meiner at aktiv bruk av IKT kan vere med å betre dette, at det er lettare å ta kontakt med skulen og ytre sine meiningar og synspunkt når ein ante kan sende ein SMS eller ein e-post.

## **Abstract**

The purpose of this master thesis is to identify how parents and teachers understand and use ICT in the collaboration between home and school. The research question is: **how do teachers and parents understand and practice ICT in the collaboration between home and school?**

This is a limited case study with only 6 participants. The focus is not to discuss if one should use ICT in this particular collaboration, but to get a picture of the already existing one and see if this is a true ICT-collaboration, where parents are involved in school and have a good dialogue with the teachers.

A qualitative research study has been conducted and a phenomenological approach has been used together with systematization and analysis of data.

The theories used in the analysis is basically Thomas Nordahl 's(2007) three stages in home-school-collaboration, along with complimentary theory on the collaboration between school and home.

Generalization is limited to this particular study.

Findings indicate that the participants in this study are satisfied with the collaboration, but that most of the collaboration is oneway information, mainly from the teachers to the parents. Since it seems as there is a good tone between the participants, there is a good foundation to develop the use of ICT and to get an even better dialogue and maybe even to give the parents a real influence in school.

## **Føreord**

Skule-heim-samarbeid er noko dei aller fleste i landet vårt har vore borti på ein eller annan måte. Nokre har denne erfaringa kun som skuleborn, andre som både foreldre og lærarar. Eg har stort sett erfart skule-heim-samarbeid som skuleborn, og berre så vidt vore borte i det som lærarvikar. Eg skal snart starte i min første ordentlege lærarjobb og er spent, samtidig som eg håpar at eg kan ta med meg nokre av dei erfaringane som kjem fram i denne oppgåva ut i mitt yrke.

Eg tok allmennlærarutdanninga mi ved Høgskolen i Bergen, og fortsette ved Høgskolen Stord/Haugsund for å få ein mastergrad innan IKT i læring.

Eg ynskjer å takke min rettleiar ved HSH, Aslaug Grov Almås, for tilbakemeldingar og motivasjon ved arbeidet med oppgåva. Vidare vil eg vise stor takksemd frå hjarta til sambuaren min, Åsmund, for forståing, trøst og gode ord når arbeidet har vore tungt. Eg rette ei stor takk til mine foreldre, Vigdis og Kolbein, de er gode samtalepartnarar når eg er usikker og treng å diskutere tankar høgt. Takk for all støtte og hjelp! Ei stor takk går også til Christin for eit godt samarbeid over to masterår, det er godt å vere to i same båt. Sist, men ikkje minst, ynskjer eg å rette ei stor takk og applaudere foreldre og lærarar som var velvillige og lot seg intervju i ein travel kvardag, utan dykk hadde ikkje kunne skrive denne oppgåva.

## **Innhold**

<b>Samandrag .....</b>	<b>2</b>
<b>Abstract.....</b>	<b>4</b>
<b>Føreord.....</b>	<b>5</b>
<b>1.0 Innleiing .....</b>	<b>9</b>
1.1 Presentasjon og føremål med studien.....	10
1.2 Oppgåva si oppbygging.....	10
<b>2.0 Bakgrunn for oppgåva og utdjuping av sentrale omgrep.....</b>	<b>12</b>
2.1 Forskingsområde .....	12
2.2 Tolking av omgrep .....	12
2.3 Klargjering av IKT-omgrepet.....	13
2.3.1 Internett .....	13
2.3.2 Nettkommunikasjon .....	13
2.3.3 E-post .....	14
2.3.4 Heimesider .....	14
2.3.5 SMS.....	14
2.4 Klargjering av samarbeidsomgrepet.....	15
2.4.1 Samarbeidsomgrepet sett i lys av IKT .....	15
2.5 Eit sosiokulturelt perspektiv på læring.....	16
<b>3.0 Teoretisk forankring.....</b>	<b>17</b>
3.1 Tidlegare forsking .....	17
3.1.1 Generelt skule-heim-samarbeid.....	18
3.1.2 Bruk av IKT i det norske skule-heim-samarbeidet .....	20
3.1.3 Internasjonal forsking.....	22
3.1.4 Kva med mi forsking? .....	23
3.2 Å samarbeide er å kommunisere .....	24
3.3 Tre nivå i skule-heim-samarbeid.....	25
3.4 God foreldrekonakt- ekstra ressurs i skulen .....	26
3.5 Skule-heim-samarbeid – eit samspel.....	27
3.6 Faktorar for eit godt samarbeid mellom heim og skule.....	30
3.7 Digitale kommunikasjonsløysningar – endra samarbeidsmønster .....	31
3.8 Digital kompetanse.....	33
<b>4.0 Metode.....</b>	<b>34</b>
4.1 Kvalitativ forskingsmetode .....	34

4.2 Kasusstudie .....	35
4.3 Ein fenomenologisk ståstad.....	36
4.4 Grunngjeving for val av metode.....	36
4.5 Det kvalitative forskingsintervjuet .....	37
4.6 Verknadar av metodeval.....	37
4.7 Reliabilitet.....	38
4.8 Gjennomføring av undersøkinga .....	40
4.8.1 Val av informantar .....	40
4.8.2 Datainnsamlinga.....	41
4.8.3 Forskingsintervjua.....	41
4.9 Arbeid med det innsamla materialet.....	42
4.9.1 Kvale et al (2009) sine seks trinn innan analyse .....	43
4.10 Vurdering av metoden og mi forforståing.....	44
4.11 Etiske vurderinger .....	46
4.12 Utfordringar i arbeidet.....	46
4.13 Oppsummering .....	47
<b>5.0 Empiri og drøfting.....</b>	<b>48</b>
5.1 Samarbeid – forventning og ynskje om dialog.....	48
5.1.1 Kva forventar lærarane? .....	49
5.1.2 Kva forventar foreldra? .....	50
5.2 Praktisering av IKT i skule-heim-samarbeidet.....	50
5.2.1 IKT si rolle på informasjonsnivået .....	51
5.2.2 Aukande IKT-bruk blant foreldra .....	53
5.2.3 Bruk av IKT gir meir innsyn .....	54
5.2.4 IKT-samarbeid og kontakt .....	55
5.3 IKT si rolle på drøfting og dialog-nivået.....	56
5.3.1 Dialog på gitte premisser.....	57
5.3.2 Formalisering av IKT-samarbeidet .....	60
5.3.3 IKT-samarbeid og gjensidighet .....	61
5.3.4 Positiv kontakt på alle nivå .....	62
5.4 Det tredje nivået, medverknad og medbestemming .....	62
5.5 Oppsummerande drøfting.....	63
5.5.1 Lærarane sit med makta .....	64
5.5.2 Kanskje må foreldra ta ansvar? .....	66

5.5.3 Nokre ting vert diskutert munnleg.....	67
5.5.4 Foreldra ynskjer meir kunnskap .....	68
5.5.5 Avslutande kommentar til analysen .....	68
<b>6.0 Konklusjon.....</b>	<b>70</b>
6.1 Vegen vidare .....	71
<b>Litteratur .....</b>	<b>73</b>
<b>Vedlegg 1 .....</b>	<b>78</b>
Informasjon til informantar .....	78
<b>Vedlegg 2 .....</b>	<b>80</b>
Samtykkeerklæring .....	80
<b>Vedlegg 3 .....</b>	<b>81</b>
Intervjuguide foreldre.....	81
<b>Vedlegg 4 .....</b>	<b>83</b>
Intervjuguide til lærarane .....	83
<b>Vedlegg 5 .....</b>	<b>85</b>
Rektorane si stadfesting .....	85

## **1.0 Innleiing**

Innan alle formar for samarbeid kan det realiserast resultat som ikkje hadde vore moglege å oppnå dersom ein står aleine. Samtidig er også slik at mange erfarer at samarbeid er ein prosess som er komplisert, og negative erfaringar og konfliktar er det som er framtredande. Foreldre og lærarar bør så langt det er mogleg, samarbeide om dei felles oppgåvane som inngår i barn si læring og utvikling.

Skulen er den viktigaste læringsarenaen for barn og unge (Imsen, 2005). Dei fleste har eit eigarskap til skulen, og alle har ei eller anna mening om den. Derfor engasjerer alle seg i denne samanheng, anten det er foreldre, elevar eller tilsette ved skulen.

Tradisjonelt var skule-heim-samarbeidet basert på foreldremøte, kontaktmøte og post som elevane tok med seg heim. No har teknologiutviklinga gjort det slik at det også er moglegheiter for å bruke IKT i samarbeidet. Noreg er eit av dei landa i verda som brukar IKT hyppig og bruken er utbreidd (Erstad, 2010). Digitale media har gjort det mogleg for oss å kommunisera på nye måtar og samarbeid mellom skule og heim kan ta mange ulike formar. Alt frå rein informasjon om vekeplanar og skidagar til diskusjonar om elevane sitt faglege og sosiale nivå, samt korleis eleven best kan bli følgt opp av heimen.

Denne masteroppgåva skildrar foreldre og lærarar sin bruk av IKT i to gitte skule-heim-samarbeid. Hovudfokuset er korleis foreldre og lærar opplever og praktiserer IKT i samarbeidet mellom heim og skule. Undersøkinga er konsentrert rundt foreldre og lærarar, fordi eg meiner det er dei som hovudaktørane i dette samarbeidet.

Det teoretiske rammeverket inneholder tidlegare forsking slik at ein har samanlikningsgrunnlag og ei forståing for det datamaterialet som vert presentert i oppgåva. Eg viser til teori om samarbeid mellom skule og heim, og til teori om kommunikasjon.

Når ein arbeider med, og skal forhalde seg til, menneske, trur eg det er vesentleg at ein har litt kunnskap om kommunikasjon og korleis ein kommuniserer med kvarandre. Det finst ikkje så mykje teori som går direkte på bruk av IKT i skule-heim-samarbeid, men eg meiner at teori om det tradisjonelle samarbeidet mellom skule og heim er relevant.

Metodisk blir det argumentert for eit kasusstudie der ein har ein fenomenologisk ståstad, og brukar forskingsintervju som forskingsmetode. Eg vil analysere datamaterialet mitt gjennom den linsa eg har skapt ved å presentere tidlegare forsking og teori.

Til grunn for denne oppgåva ligg det ei antaking om at bruk av IKT kan vere eit nyttig reiskap i skule-heim-samarbeid. Eg har forska på eit kasus, nemleg bruken av IKT i to bestemte skule-heim-samarbeid. Oppgåva er bygd rundt ei lita, avgrensa gruppe, eit case (Postholm, 2010). Dermed blir oppgåva konsentrert rundt dette caset, og sannsynlegvis vil resultata berre vere gjeldane for denne studien eller dette caset, sjølv om ein kan trekke linjer til vidare forsking på området.

## **1.1 Presentasjon og føremål med studien**

Det overordna føremålet med studien er at eg skal få eit bilet foreldre og lærarar sine synspunkt på bruk av IKT i skule-heim-samarbeid. Problemstillinga mi er utforma slik at eg skal få dekka det eg ynskjer å få kunnskap om når det kjem til bruk av IKT i skule-heim- samarbeid:

**Korleis forstår og praktiserer foreldre og lærarar bruk av IKT i skule-heim-samarbeid?**

## **1.2 Oppgåva si oppbygging**

I det andre kapitlet vil eg sei meir om bakgrunnen for oppgåva, samt klargjere og definere omgrep som vert brukt i oppgåva og vise til formelle føringar for skule-heim-samarbeid. Eg vil deretter gi ei kort skildring av mitt lærингsteoretiske standpunkt som ein overgang til teorikapitelet.

Kapittel 3 inneheld oppgåva sin teoridel. I denne delen av oppgåva vert den teoretiske ramma som omgir oppgåva skildra. Første del vil omhandle tidlegare forsking , mens eg vidare skriv om skule-heim-samarbeid og kommunikasjon.

Kapittel 4 består av metodologi. Her blir den metodologiske forankringa til oppgåva presentert. Med dette meiner eg dei metodane eg har brukt til å samle inn og analysere datamaterialet mitt, samt forhold som er knyta mot etikk.

Kapittel 5 inneheld empiridelen av oppgåva. Her presenterer, tolkar og drøfter eg forskingsfunna mine i lys av tidlegare forsking og teori.

Kapittel 6 omfattar avslutning og konklusjon. Eg oppsummerer forskingsfunna og gir avsluttande kommentarar som er knyta opp mot forskinga.

## **2.0 Bakgrunn for oppgåva og utdjuping av sentrale omgrep**

Her vil eg presentere bakgrunnsmateriale for oppgåva. Omgrep, definisjonar og mitt standpunkt vert omtalt. Desse kan vere viktige når ein les oppgåva.

### **2.1 Forskingsområde**

Skule- heim- samarbeid er eit spanande forskingsfelt fordi det er relevant på alle alderstrinn i grunnskulen. For å sikre den einskilde elev sin framgang på skulen, meiner eg at det er viktig å få til eit godt samarbeid mellom dei føresette og skulen, og sidan kvar dagen blir meir og meir digitalisert, vil det vere naturleg å ta i bruk IKT til dette føremålet. Primært ynskjer eg å få høyre lærarar og foreldre sine eigne meningar rundt deira bruk av IKT i skule-heim-samarbeid. Eg har ikkje som mål å komme med noko heilt nytt, men å danna meg eit bilet rundt den IKT-bruken som finst i eit gitt skule-heim-samarbeid. Eg ynskjer å sjå det innsamla datamaterialet i lys av teori som føreligg for tema. Eg har heller ikkje som mål å argumentere for eller mot bruk av IKT i skule-heim-samarbeid, men å drøfte dei funna eg har.

På bakgrunn av tidlegare forsking, til dømes Karlsen (2006) si masteravhandling, Kjemsaas (2008) si avhandling og anna forsking på området, ser eg at fleire partar i skuleverket, samt foreldre, meiner at IKT kan vere ei viktig styrke i samarbeidet mellom skule og heim. Ute i skulen er det både vilje og engasjement til å skape eit godt samarbeidsklima med både det tradisjonelle samarbeidet og det nye samarbeidet, men både lærarar og foreldre er usikre på om og korleis dei skal ta i verk dei nye, digitale verktøya dei har til råde. Derfor meiner eg at å rette fokus mot skule-heim-samarbeid som allereie inneholder bruk av IKT, kan vere lurt. På denne måten kan ein danne seg eit bilet av kva som fungerer, kva som kan forbetrast og kva både foreldre og lærar tenker om eit slikt samarbeid. På denne måten kan eg få kunnskap om skule-heim-samarbeid som eg kan ta med meg når eg sjølv er ute i skulen.

### **2.2 Tolking av omgrep**

I det følgjande vil eg kort gjere greie for og forklare korleis eg tolkar dei omgrepene eg ser som sentrale i oppgåva. Gjennom oppgåva vil det bli brukt omgrep som ikkje vert nemnt her, fordi eg reknar dei som så pass vanlege at dei ikkje treng å omtalast separatert.

## **2.3 Klargjering av IKT-omgrepet**

IKT er ei forkorting for ”informasjons- og kommunikasjonsteknologi, (eng.

*ICT, information and communication technology)*”, seier Caplex<sup>1</sup>.

Informasjonsteknologi har vore namnet for teknologi som er knyta til datamaskina, men omgrepet omfattar eigentleg all informasjonsberande teknologi (Schwebs & Otnes, 2006). Informasjonsdelen av omgrepet tileigner eg det å opplyse eller underrette nokon om ei gitt mengde informasjon. Kommunikasjonsdelen viser til den kontakten, sambandet som er mellom menneske. Schwebs (2006, s.16) seier at ordet har fått tydinga ”toveis overføring av data”. Her blir det vist til ei vekselforhold som er knyta til å gi gjensidig informasjon og tilbakemelding. Å gi informasjon blir rekna som einvegsoverføring av data, mens kommunikasjon vert rekna som utveksling av mening (Schwebs & Otnes, 2006). Dermed har me med ein teknologi som gjer både einvegs- og tovegskommunikasjons mogleg. I denne masteroppgåva inngår altså både å snakka i telefon, sende SMS, sende e-post og bruk av heimeside/læringsplattform i IKT-omgrepet.

### **2.3.1 Internett**

Omgrepa nettet og internett blir brukt omkvarandre, men begge tyder det same og viser til internett som er ei samankopling av ulike datanett. Omgrepet er så vanleg at det ikkje treng utdjupast.

### **2.3.2 Nettkommunikasjon**

Kommunikasjonssjangrane på nettet er meiningsberande einingar på lik linje med anna skrive stoff (Schwebs & Otnes, 2006). Her blir stilt færre formelle krav enn til anna skriftleg kommunikasjon (Schwebs & Otnes, 2006). Kommunikasjon over internett er mindre flyktig fordi den kan lagrast, og det kan vere ein fordel å kunne nytte skriftspråket med dei nyanse det inneber i ordval, tekstbinding og teiknsetting. Med ein slik språkkompetanse har ein betre moglekeit til å unngå misforståingar og kunne vere eksplisitt, noko som er viktig når ein ikkje kan sjå eller høyre den ein kommuniserer med (Schwebs & Otnes, 2006).

Sjølv om ein ved bruk av nettkommunikasjon kan vere geografisk langt frå kvarandre, kan deltakarane likevel føle at dei er i nærleiken av kvarandre. Ein treng ikkje vere lokalisert på same stad for å føre ein samtale eller kommunisere med kvarandre.

---

<sup>1</sup> Caplex.no

### **2.3.3 E-post**

Det elektroniske brevet er gjerne av privat karakter, sjølv om ein skriv til nokon ein ikkje kjenner så godt (Schwebs & Otnes, 2006). Dei fleste bruker e-post i ein-til-ein-kommunikasjon, men det er også vanleg å sende den same meldinga til fleire mottakarar samstundes. E-posten kan brukast som både rundskriv, informasjonsskriv, innkalling til møte, privat brev og mykje anna. Det er ein rask og lett tilgjengeleg kommunikasjonsform, som har gjort det enkelt å nå folk. Skriftstilen er gjerne uhøgtidleg, og e-posten kan lagrast slik som andre skriftlege medium (Schwebs & Otnes, 2006). Likevel er det gjerne slik at e-post ikkje blir tatt like seriøst som papirbaserte brev, sjølv om det har fått status som like juridisk bindande som papirdokument. Schwebs & Otnes (2006) seier at det sosialt utjamnande ved e-post viser seg blant anna ved at studentar tek lettare kontakt med lærarar, og folk flest har lettare for å ta kontakt med både fagpersonar og autoritetar.

### **2.3.4 Heimesider**

Schwebs og Otnes (2006) viser til ordlistedefinisjonar og seier at heimesida er ein startplass og eit orienteringspunkt. Heimesida blir forstått som den første sida ein møter når ein kjem til ein nettstad. Når mange snakkar om heimesider, er det eigentleg ein nettstad dei snakkar om. Nettstaden er dynamisk og under stadig utvikling. Nokre bruker nettstaden som informasjon om seg sjølv, det ein held på med eller om ei bedrift. Kanskje kan ein legge att ein kommentar eller det ligg ein link til ei e-postadresse der, slik at ein kan kommunisere med forfattaren. I denne oppgåva vil eg bruke nemninga heimeside.

### **2.3.5 SMS**

SMS er ei forkorting for det som på engelsk vert kalla "Short Message Service" (Caplex.no). Det er eit meldingssystem mellom mobiltelefonar og orda "tekstmelding" eller "melding" er vanleg å bruke på norsk. I denne oppgåva vert både tekstmelding, melding og SMS brukt. SMS blir brukt både til saklege beskjedar og til å sende små beskjedar til kvarandre. Mange brukar forkortinger og det ein gjerne kallar for SMS-språk. Noko av suksessen til SMS skyldast at avsendaren kan kommunisere utan å avsløre eigen usikkerheit og sjenanse (Schwebs & Otnes, 2006). Sendar og mottakar får tid til å tenke over innhaldet i meldinga, og kan konstruere eit svar som passar.

## **2.4 Klargjering av samarbeidsomgrepet**

Eg vil definere samarbeid mellom skule og heim *slik to eller fleire partar jobbar i lag for å få til det beste for den einskilde eleven, både skulefagleg og sosialt.* Ei utdjuping av samarbeidsomgrepet vert å finne i teorikapittelet.

### **2.4.1 Samarbeidsomgrepet sett i lys av IKT**

Det er sentralt å finne ut korleis ein vil definere eit IKT-samarbeid. For å kunne svare på forskingsspørsmålet mitt, og i fare for å kunne ekskludere grupperingar og anna som kan vere sentralt, vil eg ha eit breitt fokus på kva som kjenneteiknar eit IKT-samarbeid mellom skule og heim, og vil definere dette som *elektronisk kommunikasjon mellom skulen sitt personell og foreldre.* Her inngår då individ som på ein eller annan måte nyttigjer seg av ulike teknologiske kommunikasjonsmetodar både i informasjonssamanheng og dialog.

## **2.5 Eit sosiokulturelt perspektiv på læring**

Her vil eg kort skildre mitt læringsteoretiske standpunkt. Eg har fokus på korleis menneske lærer, og at læring er sosialt betinga.

Det sosiokulturelle perspektivet byggjer på eit konstruktivistisk syn på læring (Imsen, 2005), men legg avgjerande vekt på at kunnskap blir konstruert gjennom samhandling og samtale med andre og i ein kontekst (Dysthe, 2001). Derfor blir interaksjon og samarbeid sett på som heilt grunnleggjande for læring. Det å kunne noko er i sosiokulturell læringsteori nære knyta til praksisfellesskapet og individet sine evner til å delta i dette. Å delta i sosiale praksisar der læring skjer blir derfor sentralt i det å lære (ibid).

Kunnskap vert tileigna ved hjelp av eigne erfaringar (Säljö, 2001). Læring og kunnskap blir sett i lys av elevane sin kultur, språk og det fellesskapet dei høyrer heime i. Samarbeid mellom elevar og lærar står sentralt (Imsen, 2005). Ein må erfare for å lære, og erfare for å forstå. Etterkvart som ein møter nye problem, skal ein forsøke å løyse desse, og samtidig lærer ein noko nytt.

Miljøet rundt individet er ein konstant stimulans, samtidig som individet konstant stimulerer miljøet. Kultur og språk er viktige påverknadar for ein person, ikkje berre eit reiskap for kommunikasjon, men også til tenking og medvit (Säljö, 2001). I det sosiokulturelle synet har straff og lønning i form av materielle godar ingenting føre seg. Ein får løn i form av eigenutvikling og kunnskap. Læring skjer ikkje ved at ein sit og høyrer på nokon som pratar eller skriv på tavla, men at ein er aktiv sjølv.

Säljö (2001) seier at mennesket er eit kommuniserande vesen, uten kommunikasjon blir utviklinga svekka og evna til å lære forsvinn *"Med redskap eller verktøy menes de ressursene, så vel de språklige (eller intellektuelle) som fysiske, som vi har tilgang til, og som vi bruker når vi forstår vår omverden og handler i den"* (Säljö, 2001, s. 21).

### **3.0 Teoretisk forankring**

Oppgåva er ein del av eit masterstudie der både IKT og allmenndidaktikk inngår.

Dermed synest eg det er naturleg at den teoretiske forankringa mi både er sterkt forankra innan generell teori på skule-heim-samarbeid, samt innanfor pedagogisk bruk av IKT til dette føremålet. Eg vil starte dette kapitelet med å vise tidlegare forsking som eg meiner er relevant for oppgåva. Vidare blir det skildra teori rundt kommunikasjon og skule-heim-samarbeid, der Thomas Nordahl (2007) sin modell for skule-heim-samarbeid vert vektlagt.

#### **3.1 Tidlegare forsking**

Det er gjort ei rekke forskingsundersøkingar om skule-heim-samarbeid, til dømes Nordahl (2003, 2007), Kjemsaa (2009), Lyngvær (2008, Sletten et al (2003) og Ericsson og Larsen (2000). Fleire av desse undersøkingane dreier seg om omfanget av samarbeid og om korleis skulen og heimen opplever kvaliteten i eit tradisjonelt skule-heim-samarbeid. Thomas Nordahl er ein sentral norsk forskar på fagfeltet, og eg viser blant anna til hans undersøkingar.

I leitinga etter litteratur rundt emnet, har nytta meg av dei søkebasane HSH har tilgong til, Science Direct, Idunn, Norart, Academic Search Premier og og ERIC er dei søkebasane eg har nytta meg av. Eg har funne mykje litteratur som tek føre seg det tradisjonelle skule-heim-samarbeidet, både med fokus på kommunikasjon og med fokus på korleis ein kan lage grobotn for eit godt samarbeid. Det har vore lite forsking på bruk av IKT i skule-heim-samarbeid, og derfor er det meste eg presenterer generelt skule-heim-samarbeid.

Eg har valt å ha fokus på norsk forsking fordi Noreg er i ei særstilling når det gjeld bruk av digitale verktøy i skulen. Både heimane og skulane brukar digitale verktøy i kvardagen (Vaage, 2010). I Noreg har me også ein læreplan som konkret fortel oss at elevane skal bruke IKT og vere kjent med digitale verktøy (Utdanningsdirektoratet, u.å). Eg startar med å presentere eit utval av norsk forsking som tek føre seg generelt skule-heim-samarbeid, deretter norsk forsking på bruk av IKT i eit etablert skule-heim-samarbeid, og til slutt har eg også tatt med internasjonal forsking der bruk av digitale verktøy inngår i kommunikasjonen mellom skule og heim.

### **3.1.1 Generelt skule-heim-samarbeid**

Ann Kristin Kjemsaa skreiv i 2008 ei masteroppgåve ho kalla ”Lærere i møte med foreldre; Jeg vil, men kan Jeg?”. Dette er ei intervjuundersøkjing med lærarar om skule- heim- samarbeid. Kjemsaa stiller spørsmål om korleis lærarar forstår og praktiserer samarbeid med foreldre, med fokus på kommunikasjon. Seks ulike lærarar, som ikkje har vore i skulen like lenge, som har ulikt kjønn og jobbar ved ulike skular har gjennom kvalitative intervju svara på problemstillinga. Kjemsaa konkluderer med fleire ting, men dei to viktigaste funna er at lærarar ynskjer eit samarbeid med foreldre som er basert på ein trygg og open dialog. Det andre er at ein kan stille spørsmål ved om lærarar har den nødvendige kompetansen til forvalte denne typen dialog. Lærarane ynskjer foreldra som samarbeidspartnarar, og meiner at desse er viktige med tanke på å følgje opp elevane i ulike forhold som angår deira skulesituasjon. Men det kan vere vanskelig viss foreldra ikkje følgjer opp slik dei skal, for lærarane er redde for at støte foreldra slik at samarbeidet skal slå sprekker, og dermed vil dette gå ut over eleven (Kjemsaa, 2009).

I 2008 skreiv Gunn Lyngvær ei masteroppgåve som ho kalla ”Foreldre- lydige funksjonærer eller ressurs i skolen? Foreldrenes rolle i skolen – intensjoner og realiteter”. I avhandlinga si har ho presisert problemstilingane med to spørsmål. Det første er ”Hvilke roller synes foreldrene å ha i et skole- hjem samarbeid?” Og det andre er ”Oppleves foreldremedvirkning i skolen som reell?” (Lyngvær, 2008). Som metode har Lyngvær brukt tekstanalyse av Stortingsmelding nr. 14 (1997- 1998) og Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L97), og her har ho sett på intensjonane for skule- heim- samarbeid. I tillegg har ho gjennomført tekstanalyse av eit utval litteratur som omhandlar skule- heim- samarbeidet. Ut frå arbeidet sitt, seier Lyngvær at ho ikkje kan sei med sikkerheit om foreldra blir sett på som lydige funksjonærar eller som ein ressurs i skulen. Vidare seier Lyngvær at det som avgjer om foreldra blir sett på som ein ressurs i skulen, er avhengig av kva lærarane definerer som behov for å nå sine mål. I tillegg beskyttar lærarane det faglege- pedagogiske reviret sitt, og foreldra ser då ut til å rygge tilbake ovanfor den institusjonelle makta som lærarane kan utøve (Lyngvær, 2008).

Norsk institutt for forsking om oppvekst, velferd og aldring (NOVA), med Thomas Nordahl i spissen, evaluerte L97, og i samband med dette vart rapporten ”Makt og avmakt i samarbeidet mellom hjem og skole” (Nordahl et al 2003) skriven. Denne

rapporten er eit resultat av eit prosjekt i forskingsprogrammet ”Evaluering av Reform 97”. I tillegg til å prøve å gi svar på dei problemstillingane som vert reiste i prosjektet, byggjer også rapporten mykje på tidlegare arbeid rundt samarbeidet mellom skule og heim, samt på spørjeundersøkingar bland foreldre og intervju av både foreldre, lærarar og skuleleiarar. Føremålet her var å kartleggje kva som kjenneteiknar samarbeidet mellom skule og heim, og deretter utvikle ein kunnskap om dei ulike føresetnadane for eit slikt samarbeid. To problemstillingar var formulert, den første var ”Hvilke hensikter har skole og hjem med å samarbeide, og hvilke kunnskaper og forutsetninger har skolen og foreldrene for å drive et slikt samarbeid?” Det andre var ”Hvilke resultater oppnås i samarbeidet mellom hjem og skole, og hvilke sammenhenger er det mellom intensjonene, innholdet i og forutsetningene for samarbeidet og de resultatene som oppnås?” (Nordahl, 2003). Eit viktig omgrep i den teoretiske tilnærminga har vore makt. Resultata frå undersøkinga viser blant anna at samarbeidet mellom skule og heim er mykje informasjonsbasert, og det er lite dialog og reell medverknad frå foreldra si side. Fleire av foreldra som var intervjua hadde opplevd både dialog og reell medverknad ved at dei har blitt einige med lærarane om ulike forhold som var knyta til opplæringa. Dei lærarane som har vore i desse samarbeida seier at det er viktig for dei å samarbeide med foreldra, og at det er ei styrke for dei i opplæringa å ha ei samla foreldregruppe i ryggen. Gjennom intervjua uttrykkjer nokre lærarar at dei ikkje har så stor tru på at foreldra har føresetnadar til å samarbeide om pedagogiske forhold i skulen, og at det kan vere vanskeleg å engasjere dei (Nordahl, 2003).

Sletten, Sandberg og Nordahl skreiv i 2003 ein forskingsrapport med tittelen ”Behovsstyrkt samarbeid – holder det? Samarbeid mellom hjem og skole i videregående opplæring”. I vidaregåande skule er elevane nært myndighetsalder, og nokre er myndige. Dette gir ein annan føresetnad for samarbeidet enn i grunnskulen. Rapporten skulle kartlegge samarbeid mellom skule og heim i vidaregåande opplæring, med vekt på det uformelle samarbeidet mellom lærarar og foreldre. Føremålet med rapporten er å gi eit representativt bilet av situasjonen slik den var i 2003 (Sletten, Sandberg og Nordahl, 2003). Her søkte ein å finne svar på tre hovudspørsmål, og det første var kva omfang og innhald samarbeid mellom skule og heim har i dag, det andre var om kontakten med skulen varierer mellom ulike grupper av foreldre og det siste var kva haldningar dei sentrale aktørane i samarbeidet har til foreldra si rolle i vidaregåande opplæring. Foreldra til elevane i undersøkinga gav uttrykk for at dei får lite informasjon

frå skulen, både når det gjeld elevane si utvikling og når det kjem til dei pedagogiske prioriteringane i undervisninga (Sletten, Sandberg og Nordahl, 2003). Forfattarane kommenterer at dette skil seg frå foreldra i grunnskulen, som i hovudsak er er nøgde med informasjonen dei får. Dei ansatte i skulen erkjenner at dei ikkje gir nok informasjon om undervisninga. Foreldra påpeiker også dårleg dialog med lærarane. Kontakten mellom lærar og foreldre er etter behov, men dei foreldra med elevar som har særskilt tilrettelegging, er dei som oftast er med på konferansetimar og som sjølv tar kontakt med skulen (Sletten, Sandberg og Nordahl, 2003). Hovudintrykket til rapportforfattarane er at graden av samarbeid er svak i vidaregåande opplæring (Sletten, Sandberg og Nordahl, 2003).

### **3.1.2 Bruk av IKT i det norske skule-heim-samarbeidet**

Senter for IKT i utdanningen (2011) har gjort ei undersøking som er basert på intervju med ulike representantar frå skular, skuleeigarar, føresette, elevar, juridiske og skulepolitiske miljø. Ei målsetting med denne er å kunne tilby rettleiing og mest mogleg konkrete råd til skuleigarar og andre som utarbeider løysingar for skule-heim-samarbeid. Det vert skildra ynskjer, krav og erfaringar frå dei ulike representantane i samband med bruk av IKT i skule-heim-samarbeid. Desse konkluderer med at undervisning og kommunikasjon i skulen i aukande grad bør føregå ved bruk av digitale verktøy og gjerne via ein digital læringsplattform eller skuleportal. På denne måten vil også kommunikasjonen mellom skule og heim komme inn på den digitale arena. Det vil vere ein fordel dersom generell informasjon om skulen og planlagte aktivitetar finst opent og tilgjengeleg. På denne måten kan alle foreldre og andre føresette ha ein moglegheit til å få den same informasjonen. Det blir anbefalt at vekeplanane blir publisert digitalt på skulen si nettside. Nokre skular har også tatt i bruk sosiale media som Facebook for å nå føresette der. Nokre vidaregåande skular har tatt i bruk SMS-varsling til foreldre ved elevfråver, dette som eit tiltak mot fråfall.

Kjemsaa (2009) skriv i si masteroppgåve at ho i utgangspunktet ikkje hadde med spørsmål som handla om skriftleg kommunikasjon mellom lærarar foreldre, men då ein av informantane hennar var opptatt av å bruke e-post som kommunikasjonsmiddel mellom skule og heim. Det viste seg at fleire av informantane brukte IKT til kommunikasjon mellom skule og heim. Felles informasjon vart sendt ut på e-post, men også individuelle beskjedar vart sendt ut slik. På denne måten var det lettare å ta kontakt for begge partar, og oppretthalde ein god kontakt. Andre informantar syntes ikkje at

bruk av e-post fungerte like godt, og påpeikte at ikkje alle foreldre har tilgong til internett heime. Det vart peikt på fordelar ved bruk av e-post og SMS. For det første synest både lærarar og foreldre at det er ein grei måte å gi ut korte beskjedar på, som om ein elev er sjuk og ikkje kjem på skulen. På same måte kan lærarane rapportere til foreldra dersom ein elev ikkje dukkar opp. Det blir nemnt at e-post blir bruk til å sende positive tilbakemeldingar til foreldre. Det er andre som meiner at det finst ting som ikkje er mogleg å få fram ved bruk av skriftleg kommunikasjon. Særleg gjeld dette informasjon som tolkast i fleire retningar. Ved bruk av SMS påpeikar nokon at ein gjerne ”smører litt tjukt på”, at det ikkje er god tovegskommunikasjon. Kjemsaa (2009) seier at ho ser nytteverdien av slik kommunikasjon fordi det er tidssparande. Det kan verer vanskeleg å nå kvarandre på telefon til ei kvar tid.

Forskringsrapporten ”E-learning Nordic 2006”, såg på effekten bruk av IKT hadde i utdanningssektoren. Prosjektet var eit samarbeidsprosjekt mellom Danmark, Noreg, Sverige og Finland. Resultatet viste at IKT sort sett blir brukt til å gi informasjon, og lite i kommunikasjonen mellom heim og skule, det er heller elevane som brukar dei digitale verktøya som kommunikasjonsverktøy mellom kvarandre. Bruk av LMS i skule- heim- samarbeidet hadde eit positivt utfall når det kom til kommunikasjon og dialog mellom skule og heim (Pedersen, Konradi Lassen, & Møller Christensen, 2006).

I 2006 skreiv Rune Karlsen ei masteroppgåve kalla ” IKT og en døgnåpen skole”. Han brukte kasusstudie som forskingsmetode, og stilte spørsmålet korleis og kvifor noko virkar innanfor eit ”lukka system”. Karlsen hadde ei kvalitativ tilnærming og brukte to klassar som til dagleg brukte IKT, berre på forskjellige måtar. Han fant ut at bruken av IKT i skule- heim- samarbeidet kan stimulere til forandring i dei tradisjonelle foreldremøta og samtalane. Dette kan skje når informasjonsflyten blir flytta inn i den digitale verda. Då informasjonen frå skulen stort sett blir distribuert gjennom skulen si heimeside, fekk dette fleire verknadar. Foreldra sin IKT- kompetanse vart heva, og dei viktige beskjedane, som tidlegare hadde nådd foreldra gjennom elevane, vart no foreldra sitt ansvar at dei fekk med seg. Nokre foreldre sa at dei kjente seg usikre på korleis dei skulle nytta desse nye, digitale verktøya, og korleis desse kunne brukast i skule- heim- samarbeidet. I denne samanheng vart ClassFronter brukt, og foreldra uttykte at den einaste måten dei kunne føle seg sikrare på, var å vere flinke og aktive brukarar av læringsplattformen. Lærar og elevar brukte MSN til å kommunisere med kvarandre, og dette førte til at kommunikasjonen dei i mellom fekk ein høgare kvalitet.

Foreldra uttrykte at dei syntes at bruk av e-post var den beste måten å kommunisere på (Karlsen, 2006).

I 2002 gjorde Telenor ei undersøking for å sjå om bruk av IKT kunne styrke kommunikasjonen mellom skule og heim. Det var føretatt djupneintervju med både foreldre, lærarar, rektorar og utvalde medlem av FUG, samt ein frå utdanningsdirektoratet. Hovudfokuset i denne undersøkinga var å få innsyn i prosessane og problema som var forbunde med bruken av IKT i skule- heim- samarbeidet. Det som kom sterkest fram var at eit slikt samarbeid fungerte godt for nokre, men at ein på ingen måte kunne gjera ein konklusjon om at det ville fungere for alle (Thrane, 2002). Det er ei stund sidan denne undersøkinga vart gjort, men eg har valt å nemne denne fordi eg meiner det er ei undersøking som nært kan knytast til mitt forskingsområde.

### **3.1.3 Internasjonal forsking**

Frå november 2002 – juni 2003 føregjekk det eit forskingsprosjekt i Danmark, ”Når det sættes strøm på skole- hjem- samarbeidet”. Føremålet med dette prosjektet var å styrke informasjonen og dialogen mellom heim og skule, og bruke internett til kommunikasjonen mellom desse to instansane. Undersøkingane viste at bruken av IKT i skule- heim- samarbeidet vart sett på som positivt, men at samarbeidet ikkje nødvendigvis vart meir genuint av den grunn. Likevel kom det fram at dersom ein i tillegg klarer å bruke forskjellige teknologiske verktøy, kunne ein heve nivået på den kommunikasjonen som fant stad når ein treffte kvarandre ansikt til ansikt. Uansett skulle ikkje bruk av IKT i skule- heim- samarbeidet føregå på kostnad av det samarbeidet som allereie eksisterte, men kunne vere eit tilbod i tillegg til dette. Det viste seg også at eit slikt samarbeid var vanskeleg å få til, dersom ein ikkje hadde ein lærar som svært interessert og villig til å arbeide med dette (Wiedemann, 2005).

”The department of Education and Skills” i England sto bak ein forskingsrapport som omhandla bruken av IKT til å forbetre samarbeidet mellom skule og heim. Forskinga vart starta av BECTA og føremålet var å samle informasjon rundt bruken av IKT i det eksisterande samarbeidet mellom heim og skule. Materialet vart samla i 2001, og berre skular som allereie brukte IKT var kjelder. Resultatet viste at bruk av IKT i skule- heim- samarbeidet kunne føre til eit betre forhold mellom barn og foreldre, men det kom også fram at forholdet mellom dei føresette i klassen vart betre. I undersøkinga kom det også fram at ein burde ha i bakhovudet at det forholdet som foreldra hadde til skulen då dei

sjølve var elevar, var med på å farge det forholdet dei no hadde til skulen, gjennom borna sine. Forskinga viste også at foreldra vart meir involverte i skulen som ein konsekvens av IKT-samarbeidet, noko som igjen resulterte i at standarden på elevane sitt heimearbeid auka. I tillegg opplevde nokre av elevane at denne bruken av IKT gjorde at desse to viktige institusjonane vart nærmare kvarandre. Eldre elevar såg ikkje dette som berre positivt, fleire av dei ynskte seg heller eit klårare skilje mellom skulen og heimen (Somekh, 2003).

### **3.1.4 Kva med mi forsking?**

Dersom ein går gjennom forskinga på generelt skule-heim-samarbeid, ser ein at det gjerne er lærarane som definerer korleis dei vil nytte seg av foreldreressursane i skulen. Lærarane ynskjer forelda som samarbeidspartnarar, men meiner at foreldra må følgje opp elevane heime for at samarbeidet skal ha ein funksjon. Mesteparten av samarbeidet fungerer slik at det går informasjon frå skulen til foreldra, og foreldra synest ikkje dei har så stor påverknad på det som skjer på skulen.

Når det gjeld bruk av IKT i skule-heim-samarbeid finn ein eit blanda syn. Mens nokre meiner bruk av e-post og SMS fungerer fint til enkel bruk, påpeiker andre at ikkje alle ynskjer å bruke desse verktøya. Nokon seier at dei ikkje ynskjer å miste ansikt-til-ansikt-kommunikasjonen, fordi det er ting ein ikkje får fram ved bruk av skriftleg kommunikasjon. Både norsk og internasjonal forsking viser at eit IKT-samarbeid ikkje nødvendigvis gjer at samarbeidet mellom lærar og foreldre vert betre (Drugli og Onsøien, 2010, Kjemsaa, 2009, Pedersen et al, 2006, Karlsen, 2006, Wiedmann, 2005, Somekh, 2002).

Kva er det som skil mi forsking frå det eg no har presentert? Det er mest nærliggjande å samanlikne mi masteravhandling med den Rune Karlsen (2006) skrev. Mitt fokus er på foreldre og lærarar si personlege haldning til det etablerte IKT-samarbeidet dei har. Eg er opptatt av korleis foreldre og lærarar bruker dei digitale kommunikasjonsverktøya dei har tilgjengeleg. Elles meiner eg at det no er nokre år sidan Karlsen (2006) gjorde feltarbeidet sitt, og at ting kan ha endra seg. Andre som har forska på skule-heim-samarbeid, har vore opptatt av korleis maktfordelinga mellom partane er, er eg er meir oppteken av korleis partane meiner at dei i lag kan få til eit bra IKT-samarbeid, sjølv om det eksisterer ei skeiv maktfordeling mellom skule og heim (Nordahl, 2003, 2007). Matkfordelinga er eit sentralt punkt i skule-heim-samarbeid, men dette har blitt forska

på av både Nordahl (2003, 2007) og Karlsen (2006). Og personleg synest eg det vil vere interessant å ha denne kunnskapen, slik at eg kan nytte meg av den når eg sjølv skal samarbeide med foreldre.

### **3.2 Å samarbeide er å kommunisere**

Eg har fokus på korleis foreldre og lærarar kommuniserer i samarbeidet mellom heim og skule, og eit IKT-samarbeid kan ha mange former. I forhold til skule-heim-samarbeid er kommunikasjon sett ved bruk av digitale verktøy

Kommunikasjon er overføring eller utveksling av informasjon gjennom eit felles symbolsystem (Steiro, 2006). Når ein kommuniserer over telefon eller internett, kan ein ikkje forhalde seg til kroppsspråket, som mange meiner det er det viktigaste kommunikasjonsverktøyet ein har. Kommunikasjon handlar om korleis ein forstår verkelegheita, korleis med tolkar fenomen, situasjonar og samspel (Ulleberg, 2004). Me tolkar, avgrensar, tillegg meining, legg merke til og reagerer ut frå kven me er og kva me har lært. Me har ikkje ei felles verkelegheit, men har vår eiga tolking av denne.

Omgrepet kommunikasjon kan bli definert som ei utveksling av meiningsfylte teikn mellom to eller fleire partar (Eide & Eide, 2007). *Relasjon* er eit omgrep som seier at ein gjenstand har ein forbindelse med ein annan, og i det daglege blir gjerne omgrepet brukt om forhold og kontakt mellom menneske (Eide & Eide, 2007). Ein dialog mellom menneske, er eit relasjonelt fenomen, ei stadig veksling mellom respons og initiativ hjå sender og mottakar. I eit skule- heim- samarbeid, vil foreldre og lærar bytta på å vere den som sender ut ein beskjed og den som er mottakar. For å komme i dialog med ein annan person og starte den prosessen det er å byggje ein relasjon, må den eine parten ta initiativ (Eide & Eide, 2007). Eide & Eide (2007) seier at ein må vise interesse og våge for at nokon skal komme ein i møte. Men likevel, for at ein dialog skal komme stand, held det ikkje at ein person tek initiativ, det må også vera ein person som responderer og som i sin tur tør å komme med eit nytt initiativ. Kommunikasjonshandlingar kan dermed delast inn i responderande og initierande (Eide & Eide, 2007). Initierande ferdigheter inneber å ta initiativ, noko ein bruker for å leie ann i kommunikasjonen. Ein kan innleie til noko nytt, ta kontrollen og styre samtalen. Responderande ferdigheter inneber eit svar på det den andre uttrykker, verbale og nonverbale tilbakemeldingar på det som blir kommunisert. Det som er ideelt er at ein først responderer på det den andre har formidla før ein sjølv bringer noko nytt inn i dialogen.

### **3.3 Tre nivå i skule-heim-samarbeid**

Thomas Nordahl (2007) viser til at det finst tre nivå i skule-heim-samarbeidet. Det første nivået er informasjon, og her dreier det seg om utveksling av gjensidig informasjon frå skulen til heimen og frå foreldre til skulen. Eit eksempel på dette kan vere at læraren orienterer om korleis opplæringa går føre seg på skulen og korleis elevane klarer seg. Andre vegen vil foreldra gi informasjon om både korleis barnet opplever skulen og andre forhold som angår heimesituasjonen (Nordahl, 2007). Dette er då det lågaste nivået i samarbeidet. Det neste nivået er dialog og drøfting. Her meiner ein at dialog og drøfting inneberer ei reell og sannferdig kommunikasjon mellom foreldre og lærar om dei forhold som angår eleven, undervisninga, læringsmiljøet og utviklinga. Eit klima som gir gode moglegheiter til å fremje ulike synspunkt og oppfatningar med sikte på einigkeit er viktig. Det tredje, og siste nivået, er medverknad og medbestemming. Medverknad inneber at både skulen og foreldre skal ha innverknad på dei avgjeringar og den pedagogiske praksisen som omfattar elevane. På denne måten kan foreldra ivareta foreldreansvaret og skulen kan drive opplæring i samsvar med nasjonale målsettingar. For foreldre vil det gjerne dreie seg om at deira meiningar og oppfatningar blir tatt omsyn til at lærarar og skulen. Medverknad og medbestemming er det høgaste nivået i samarbeid og vil innebere eit reelt samarbeid, der begge partar får konsekvensar (Nordahl, 2007). Det er altså avgjerande at heim og skule har eit samarbeid med opne dialogar, slik at dei kan komme fram til einigkeit gjennom felles avgjeringar.

Både Nordahl (2003, 2007) og Ericsson & Larsen (2000) ser ut til å vere einige om at foreldra er positivt innstilt til skulen. Dei fleste snakkar med barna sine om korleis dei har det på skulen, om dei trivst og kva dei gjer på skulen. Foreldra spør også om lekser og passar på at desse blir gjort. Foreldra framstår som at dei er opptatt av barna sin skulegong, og prøver å la vere å snakke negativt om skulen og om barna sine resultat i skulen. Å vere forelder i grunnskulen gir både rettar og plikter. Det medfører ei rekke oppgåver som grip inn i kvardagen, der alt frå å sjekke lekser og smøre niste, til å møte på dugnad og lese informasjon på heimesida til skulen inngår. Foreldra er stort sett nøgde med informasjonen dei får frå skulen, men peikar på at det er meir einvegskommunikasjon enn det er tovegskommunikasjon (Nordahl, 2007)

### **3.4 God foreldrekonakt- ekstra ressurs i skulen**

Samarbeidet mellom skule og heim kan skiljast på bakgrunn av to motiv (Sletten et al., 2003). Det eine er foreldra sine rettar, som er vist til ovanfor, det andre vektlegg nytten ein kan ha av eit foreldreengasjement i skulen. Ein tenker at foreldra sitt engasjement i skulen vil ha ein gunstig effekt på elevane sin skulemotivasjon, trivsel og prestasjon (Sletten et al., 2003). God informasjonsflyt og kontakt mellom foreldre og lærarar kan danne ein ekstra ressurs som gjer at eleven får eit betre utbytte av undervisninga. Dette vil eg komme tilbake til seinare. Samarbeidet skal også styrke foreldra sin rett til innflyting, men ein kan spørje om det i praksis er slik for alle. Dersom foreldre og skule er ueinige i skulen sine undervisningsmetodar, reglar eller andre ting, vil ikkje kontakt nødvendigvis vere til nytte for eleven. Sletten et al (2003) påpeiker at ei slik problemstiling er lite relevant i norsk samanheng, og viser til Thomas Nordahl si forsking frå 2000, som seier at dei fleste norske foreldre har ei positiv haldning til skulen (Sletten et al., 2003).

Foreldra skal vere involverte i eleven sin skulegong på alle måtar (Sletten et al., 2003). Dette gjeld både den faglege og den sosiale utviklinga. Det er også foreldra sin rett å påverke skulen til å gjere det dei sjølve meiner er rett og bra for barna. Sand (2009) viser til Kunnskapsdepartementet, og seier at skulen skal støtte foreldra i oppsedinga av barnet og legge til rette for eit godt samarbeid.

I lovane og føreskriftene står det likevel lite om korleis samarbeidet mellom skule og heim konkret skal føregå. Kvar grunnskule er pålagt å ha eit foreldreråd, der alle foreldre som har barn i skulen er med. Rådet skal arbeide for at foreldre og elevar i lag er med på å skape eit godt skulemiljø, samt at det arbeider for at eit godt samhald mellom skule og heim, der trivsel er eit viktig moment (Ericsson & Larsen, 2000). Foreldreutvalet vel eit arbeidsutval, som vel to representantar til skulen sitt samarbeidsutval, der også representantar for ansatte, elevar og kommunen sit.

Dei fleste foreldra har eit samarbeid med skulen som dreier seg om å delta på foreldre/kontaktmøter, gjere praktiske oppgåver i dugnadar og møte opp på arrangement. Dette viser, i følgje Nordahl (2007) at det er skulen som

legg premissane for samarbeidet og at fleirtalet av foreldra følgjer opp. Det direkte møtet mellom foreldre og lærarar skjer også på desse arenaene, i tillegg vert informasjon som vekeplanar, brev og liknande sendt ut til foreldra. Moglegheitane for reell dialog, drøftingar og medverknad i skulen er avgrensa fordi det ikkje kan føregå via informasjon frå skulen til foreldra (Nordahl, 2007). Nordahl (2003, 2007) seier også at det er relativt få foreldre som tek kontakt med skulen. Dette kan bety at foreldra ikkje har behov for det, men det kan også bety at foreldra synest at terskelen for å ta kontakt med kontaktlærar er høg, slik at mange vegrar seg for å gjere dette. Det er ofta slik at foreldre og skule har kontakt ved behov, då gjerne ved at lærarane tek kontakt med foreldra om ting som har skjedd på skulen.

### **3.5 Skule-heim-samarbeid – eit samspel**

Eg har tidlegare i oppgåva definert samarbeid mellom skule og heim slik *to eller fleire partar jobbar i lag for å få til det beste for den einstilde eleven, både skulefagleg og sosialt*. Eg vil sei at to omgrep som er viktige i denne samanhengen er *informasjon* og *dialog*. Dette samsvarer også med det Sletten et al (2003) skriv. Desse omgrepene har forskjellig innhald, og kan ikkje brukast synonymt. Når skulen gir informasjon om undervisning og eleven si utvikling, så blir dette gjerne sett på som ein del av samarbeidet, men språkleg sett, så kan ein ikkje sei at dersom ein part informerer ein annan, er det samarbeid (Sletten, Sandberg, & Nordahl, 2003). Samarbeid skjer først når det er dialog mellom partane, slik at der ein aktiv kommunikasjon. Informasjonsflyt og kontakt vil likevel vere ein føresetnad for godt samarbeid. At foreldre er i kontakt med lærarane eller mottar informasjon frå skulen blir ofte omtalt som ein del av samarbeidet (Sletten et al., 2003).

Det er også fleire typar av samarbeid som ikkje inneber direkte kontakt mellom lærarar/skulen og foreldra. Dette kan vere til dømes når foreldra følgjer opp eleven sin skulegong og hjelper til med lekser. I praksis samarbeider foreldra med skulen ved at dei samarbeider om eleven si utvikling, utan at dei er i kontakt med skulen eller har nokon form for innverknad på det pedagogiske og faglege (Sletten et al., 2003). Sletten et al (2003) seier at dette er sannsynlegvis den mest utbreidde samarbeidsmetoden mellom skule og heim.

Skule-heim-samarbeid er eit samspele mellom skulen og heimen. Her inngår både det sosiale og det pedagogiske. Å gjere barn til skulebarn er eit prosjekt som inkluderer foreldre og lærarar. Ericsson & Larsen (2000) og Drugli & Onsøien (2010) skildrar at informantane har sagt at det barna gløymer er foreldra sitt ansvar, som til dømes å hуге å ta med seg gymklede. At lærarane forventar ein del ting som ikkje blir direkte sagt, foreldra skal følgje opp lekser, avtalar som blir gjort, passe på at dei får lappar og beskjedar frå skulen. Foreldra ser på det følgje opp skuclearbeidet som si oppgåve, og vil oppmuntre barna sine til å gjere leksene på den måten skulen ynskjer, slik at dei er sikra sat eleven lærer den han eller ho skal på dei ulike trinna. Det skal ikkje vere slik at ein berre leverer frå seg barnet på skulen, for så å hente det igjen nokre timar etter, ein må følgje dei opp når dei kjem heim også (Kjemsaas, 2009). Men for at partane skal kunne forhandle med kvarandre, må begge innsjå at dei har moglegheit for påverknad og innflytelse hos kvarandre (Ericsson & Larsen, 2000).

Ericsson & Larsen (2000) skriv at fleire lærarar synest at därlege kontaktforhold er prega av tvil på læraren sin kompetanse. Å få spørsmål er greitt, diskusjon er også ok, men å bli utfordra synest ikkje lærarane noko om. Respekten for profesjonaliteten bør vere grunnlaget for forholdet til foreldra. Foreldre og lærarar er einige om at foreldra ikkje bør vere ”betrevitarar”, og mange foreldre gir uttrykk for at ein skal vise respekt for lærarane sin kunnskap og arbeid (Ericsson & Larsen, 2000). På det faglege og pedagogiske området, er det lærarane som fører fordi det er dei som er ekspertane. Foreldra legg vekt på det faglege, men også på at barna skal ha det bra og trygt medan dei er på skulen, og lærarane gjer sitt beste for at barnet har nokon å leike med, at det ikkje sosialt isolert eller plaga verken i friminutta eller i timane (Ericsson & Larsen, 2000).

Nokre gongar kan det vere vanskeleg for læraren å vite kva som er legitimt for dei å ta opp, og dette fører til at dei gjerne siler informasjonen til heimen. Nokon er tilbakehaldne med informasjon fordi dei er redde for at saka skal bli overdramatisert. Både foreldre og lærarar deler denne usikkerheten. Ei sak foreldra synest kan vere vanskeleg å ta opp er engasjementa dei blir dratt inn i som foreldre. Aktivitetar der dei må delta, og sjølv om det er positivt i den forstand at foreldra blir betre kjent med kvarandre, så er til dømes dugnadar og liknande svært tidkrevjande for ein del foreldre. Slike sosiale arrangement utanom skuletida er sjølvsagt også tidkrevjande for lærarane,

men mange av desse føler seg forplikta til å delta (Drugli & Onsøien, 2010 og Glaser, 2000).

Etter kvart som elevane blir eldre, blir gjerne foreldra meir kritiske til den undervisninga barna får. Nokre kan til og med få eit slags kundeforhold til skulen, Ericsson & Larsen (2000), seier at nokre meiner at skulen skal leve ei vare av ein viss kvalitet, elles så blir foreldra misnøgde, og har rett til å klage. Så her er dei fleste foreldre einige om at læraren må vere så fagleg dyktige at dei får elevane gjennom pensum (Ericsson & Larsen, 2000). Dei fleste foreldre klagar ikkje på karakterar, lærarar osv, men det er likevel større innslag av konfliktar rundt det faglege når elevane er i ungdomsskulen. Dette ser ein frå både foreldre og lærarar sitt hold.

Dei foreldra som gjerne er litt kritiske til skulen og lærarane, er ofte dei som anten har hatt eit vanskeleg forhold til skulen då dei var elevar, eller at dei har møtt ein lærar som har ikkje har møtt dei førestillingane dei har om korleis ein lærar skal opptre (Somekh, 2002). Foreldre påpeiker også at lærarar er veldig beskyttande ovanfor kvarandre, og nokre foreldre er redde for å ta opp ting med lærarane fordi dei er redde det kan slå tilbake på eleven (Ericsson & Larsen, 2000). Sjølv om det finst historiar om kritikk og henvendingar om for eksempel mobbing, som blir løyst på ein konstruktiv, god og open måte, så viser det seg at foreldra synest dei oftast møter veggen når dei tek opp noko som dei definerer som eit problem. Dette gjeld då særleg dersom det er eit problem som gjer at skulen må forandre på noko (Ericsson & Larsen, 2000). Så det blir altså viktig for samarbeidet kven som har definert problemet og premissane. Ericsson & Larsen (2000) seier at dei gode foreldra er dei som er aktivt interessert og bidrar til å løyse problem som læraren har definert, mens dei mindre gode foreldra er dei som aktivt prøver å få lærarane til å løyse eit problem som foreldra sjølv har definert.

Samarbeidet mellom heim og skule er lovfesta i offentlege dokument. Ein svært sentral faktor for eit godt skule- heim- samarbeid er god kommunikasjon og ein moglegheit for gjensidig utveksling av informasjon. Mange skular har ein eigen plan for skule-heim-samarbeidet. Denne planen kan til dømes innehalde aktivitetar som skulen og heimen skal samarbeide om kvart skuleår, i tillegg kan planen inkludere retningslinjer for informasjonsutvekslinga mellom skule og heim. Når det gjeld bruk av IKT i skule-heim- samarbeidet, kan fleire digitale kanalar støtte den digitale kommunikasjonen

mellan skule og heim, her inngår både vekeplanar, informasjon om eleven og foreldresamtalar.

Glaser (2000) skriv at foreldra si direkte involvering i barnet sine læringsaktivitetar har vist seg å ha ei klår og gunstig effekt på elevane sin motivasjon for skulen og for den generelle trivselen. For foreldra er eit godt skule- heim- samarbeid viktig fordi dei kan forstå barnet sin skulekvardag betre, og får ei betre innsikt i det opplæringstilbodet som blir gitt. Læraren på si side vil kunne sjå på foreldra som meir hjelpsame, og på denne måten vil heilskapsresultatet bli eit gode for eleven (Glaser, 2000).

### **3.6 Faktorar for eit godt samarbeid mellom heim og skule**

Drugli legg fram nokre faktorar som vil fremje eit godt foreldresamarbeid. Den første faktoren er *kontakt*. For at eit godt og nært samarbeid skal kunne finne stad, må det vere eit visst minimum av kontakt. Dess meir kontakt der er, dess meir kjennskap vil foreldra få til den profesjonelle skulearenaen, og dess meir vil dei involvere seg (Drugli & Onsøien, 2010). Jo meir aktiv læraren er for å legge til rette for eit nært samarbeid med foreldra, jo meir motiverte blir foreldra for å samarbeide. Foreldra treng å kjenne at deira engasjement er ønska, at det blir tatt godt i mot og at det er forventa (Drugli & Onsøien, 2010). Ein annan viktig faktor for eit godt foreldresamarbeid er *gjensidighet*. Denne faktoren er nødvendig for at det skal utvikle seg eit nært og positivt foreldresamarbeid. Det skal vere ei likeverd mellom den profesjonelle lærar og foreldre. Det er dermed viktig at ein etterspør foreldra sine synspunkt og engasjement i dei aktivitetane som betyr noko i skulekvardagen, og sjølvsagt at synspunkta blir tatt på alvor. Den siste faktoren Drugli & Onsøien (2010) nemner er at ein skal ha *positiv kontakt som basis*. Foreldra skal ikkje forbinde samarbeid med skulen med problem og det som ikkje fungerer. Å ha jamn positiv kontakt vil gjera det enklare å snakke om barnet sitt behov og utvikling, også om dei vanskane som kan oppstå. Foreldre og lærar kan gjerne vurdere eleven si fungering og behov forskjellig, men dei ulike perspektiva vil utfylle kvarandre, det skal ikkje vere nokon konkurranse. Å ha fleire informantar om eleven, vil gi eit betre heilskapsbilete av barnet og dei behova det har (Drugli & Onsøien, 2010).

Nordahl (2007) skriv at foreldra sitt engasjement i elevane sin skulegong motiverer og påverkar barna sine skuleprestasjonar på ein positiv måte. Det er også positiv samanheng mellom eit godt samarbeid mellom skule og heim, foreldrestøtte og barna

sine faglege prestasjonar, sosiale eigenskapar, barna sin trivsel i skulen, relasjonane mellom elev og lærar og relasjonar mellom elevane i ein klasse. Norske myndigheter peikar på behovet for å involvere foreldre meir i barna sin skulegong. Betre kommunikasjon og informasjon kan betre samarbeidet, og informasjonen må gjerast forståeleg både språkleg og kulturelt (Sand, 2009).

Det visar seg at lærarar som kjenner foreldra, møter dei med større respekt og har ei meir positiv haldning til eleven. For at relasjonen og samarbeidet mellom skule og heim skal bli bra, er det viktig at læraren kjenner og forstår elevane sin bakgrunn (Sand, 2009). For foreldra er det viktig å vite korleis læraren vurderer elevane og korleis dei kan støtte opp barnet si skulefaglege læring.

Eit godt skule-heim-samarbeid har ein eigenverdi for foreldre, og denne skal ikkje undervurderast. Det er trygt for foreldre å vite at barna har det bra på skulen, og at dei med sikkerheit veit at dei blir orientert og tatt med på råd dersom noko ikkje er bra. Samtidig veit det at det også kan stille spørsmål til læraren om det er noko dei lurer på. For å få ein slik tryggleik hos foreldra, er informasjon, drøfting og medverknad viktige element.

### **3.7 Digitale kommunikasjonsløysningar – endra samarbeidsmønster**

Digital kommunikasjon har inntatt arbeidslivet. Kundar og bedrifter blir knyta saman ved bruk av nye digitale kommunikasjonsløysingar som e-post, SMS og heimesider. Dette kan vidare overførast der ein ser skulen som bedrifta og foreldra som kundane eller klientane. Nye samhandlings- og organisasjonsformer kjem fram (Skovholt & Svennevig, 2008). Det er mogleg å kommunisere, sende informasjon på tvers av geografisk distanse. Internett har også gjort det mogleg å kontakte alle slags offentlege institusjonar og få tilgang til all slags informasjon. Når ny kommunikasjonsteknologi blir introdusert for kommunikasjonspartane, kjem spørsmål om korleis den nye teknologien skal brukast (Skovholt & Svennevig, 2008). I eit IKT-samarbeid mellom skule og heim blir det då opp til dei aktuelle aktørane korleis og om dei vil bruke dei tilgjengelege verktøyå.

Nordahl (2007) kallar bruk av vekeplanar, nettsider, e-post, telefon og SMS for uformelt samarbeid. Samarbeid i den grad at det ikkje er formalisert og angår alle foreldre med barn i skulen. Når foreldre og lærarar nyttar seg av slike kommunikasjonskanalar kan det bli ein meir regelmessig og hyppigare dialog og informasjonsutveksling enn

gjennom det som kan føregå i møter (Nordahl, 2007). Dersom eit IKT-samarbeid skal vere formalisert, vil det gjerne vere slik at ein lærar kvar veke kort skildrar kva som har føregått på skulen og at foreldre skal henvende seg per e-post eller SMS ved både framgang og problem som er knyta til både eleven si sosiale utvikling, samt den læringsmessige utviklinga (Nordahl, 2007).

Å bruke digitale media til å kommunisere mellom skule og heim gir både moglegheiter og avgrensingar. Dersom ein samanliknar med det tradisjonelle samarbeidet, der ein snakkar ansikt til ansikt på avtalte møter, tenkjer ein fort på det at ein kan sjå og høre kvarandre og at ein har ein felles auditiv og visuell tilgang til dei fysiske omgjevnadane (Skovholt & Svennevig, 2008). Dette har store konsekvensar for kommunikasjonen, særleg når det gjeld samtalepartnaren sine reaksjonar på eigne ytringar. Ved bruk av SMS kompenserer ein for noko av dette ved bruk av emotika (Skovholt & Svennevig, 2008), som smilefjes. Ein har også utvikla nye måtar å vise at ein har oppfatta og forstått det motparten seier, ved å for eksempel repetere noko av det som vert ytra. Det å ikkje ha felles fysiske omgjevnadar er ikkje berre ei avgrensing, det gir òg ressursar for nye typar kommunikasjon som ikkje finst i ansikt-til-ansikt-samtalen. E-post og SMS er asynkron kommunikasjon (Skovholt & Svennevig, 2008), som gir moglegheit for å sende informasjon til personar som ikkje er tilgjengelege i augneblinken, og dei gir avsendar moglegheit til å planlegge meldinga godt og vege orda sine nøye. Gjerne for å sikre at motparten ikkje skal misforstå bodskapen. Desse kommunikasjonsformene har også eit anna viktig kjenneteikn som skil dei frå samtalar, nemleg at dei er varige og lagrast for ettertida.

E-post har endra vår måte å kommunisere på. Mediet har moglegheiter og avgrensingar for mellommenneskeleg kommunikasjon (Skovholt & Svennevig, 2008). Moglegheita til å blande skriftlege og munnlege kommunikasjonsformer gjer e-post til eit både formelt og uformelt medium. Skriftlegdomen, kopieringspraksisen og lagringskapasiteten bidrar til at e-post er eit formelt medium, og den har til ei viss grad erstattat telefonsamtalar og dei formelle korridorsamtalane (Skovholt & Svennevig, 2008). Men ein må vere ein kompetent deltaktar i den digitale kommunikasjonen for å kunne dra nytte av den nye teknologien. Ein må både beherske dei tekniske moglegheitane i mediet, men også kunne utnytte dei for dei sosiale og pedagogiske føremål som er gitt (Skovholt & Svennevig, 2008).

For å kunne etablerer eit godt og funksjonelt samarbeid mellom skule og heim, er det ei føresetnad at det tradisjonelle samarbeidet allereie er funksjonelt (Karlsen, 2006). Dei resultata ein ser frå forsking på det tradisjonelle samarbeidet, viser at dei fleste er foreldre og lærarar er nøgde med det eksisterande skule-heim-samarbeidet. Dersom ein rettar blikket mot IKT-samarbeida, så ser det også ut til at desse er positive samarbeid, særleg med tanke på informasjon til og frå skule og heim.

### **3.8 Digital kompetanse**

For å kunne bruke digitale verktøy, må ein ha ein viss digital kompetanse. ITU (2004) seier at digital kompetanse er ferdigheitar ein må innehå for å kunne bruke digitale media for å lære og meistre i kunnskapssamfunnet. Dette vert vidare forklart i teorikapittelet.

Når ein skal kunne nyttiggjere seg av IKT i skule-heim-samarbeid, er det føremålsteneleg at foreldre og lærarar har ei viss mengd av digital kompetanse. Erstad (2004) har ein definisjon av digital kompetanse som er gjeldane for både lærarar, foreldre og elevar. Dersom ein søker ein meir nyansert definisjon på lærarane sin digitale kompetanse, ser ein mot Krumsvik (2007).

Literacy er eit engelsk omgrep som gjerne blir brukt om lese- og skrivekunnskapar, men dersom ein brukar ein annan medienemning framføre, t.d ”computer literacy”, blir dette eit godt omgrep for digital kompetanse (Erstad, 2004) . Erstad viser i sin artikkel ”På sporet av den digitale kompetanse ” til ein definisjon av IKT-kompetanse ” ICT literacy is using digital technology, communications tools, and/or networks to access, manage, integrate, evaluate, and create information in order to function in a knowledge society”.

I læreplanen Kunnskapsløftet (Utdanningsdirektoratet, u.å) er digital kompetanse ein viktig del, og å kunne handtere digitale verktøy, er ein av dei fem basiskunnskapane elevane i dagens skule skal ha. Rune Krumsvik (2007) snevrar inn definisjonen av digital kompetanse og seier at ”digital kompetanse er læraren sin evne til å bruke IKT fagleg med pedagogisk-didaktisk IKT-skjøn og å vere bevisst kva dette har å seie for læringsstrategiane og danningsaspekta til elevane”(Krumsvik, 2007).

## **4.0 Metode**

Denne delen av oppgåva vil skildre metodeval som ligg til grunn med for masteroppgåva. Eg vil først kort vise til problemområdet mitt som er bruk av IKT i skule-heim-samarbeid, deretter vil eg ta føre meg problemstillinga. Kort vil eg også nemne det teoretiske perspektivet mitt, som er viktig i skule-heim-samarbeid og i forståinga av den dialogen som utspelar seg mellom skule og heim. Vidare vil eg ta føre meg dei valte forskingsperspektiva i min master, nemleg kvalitativ metode og fenomenologisk perspektiv. Eg vil også gi ei oversikt over dei metodiske og analytiske verktøya eg tenkjer å bruke. Til slutt vil eg rette fokus mot dei etiske prinsipp ein bør tenkje på i samband med ei masteroppgåve.

### **4.1 Kvalitativ forskingsmetode**

Postholm (2010) viser til Denzin og Lincoln (1994/2000) som definerer kvalitativ forsking som ”en undersøkelse av menneskelige/sosiale prosesser i deres naturlige setting” (Postholm, 2010, s. 35). IKT- samarbeid mellom skule og heim er ein slik prosess, den føregår stadig i kvardagen. I ein kvalitativ forskingsprosess fokuserer forskaren på deltakarane sitt perspektiv, og dette perspektivet avgjer om forskaren sine hypotesar blir oppretthaldt eller ikkje. I mitt masterarbeid fann eg dette perspektivet ved å intervju deltakarane, og eg hadde spørsmål som gjorde at det var deltakarane sine perspektiv og haldningars som kom fram. På denne måten vart nokre antakingar bekrefta, andre avkrefta, mens nye forhold som eg ikkje hadde tenkt på også vart trekt inn. I denne interaksjonen mellom antakingar og data utviklast forskaren si forståing av forskingsfeltet og forskingsdeltakarane si meiningsutveksling (Postholm, 2010). I kvalitativ forsking skal forskaren vere open for kva deltakarane gjer og seier, for så å få deira perspektiv fram (Postholm, 2010). Dalen (2008) seier at eit overordna mål for kvalitativ forsking er å utvikle ei forståing av dei fenomena som er knyta til personar eller situasjonar i deira sosiale verkelegheit. Det handlar om å få ei djupare innsikt i personane sin livssituasjon. I dette forskingsprosjektet er det sentrale korleis foreldre og lærarar opplever det å bruke IKT i samarbeidet dei i mellom. Målsettinga med kvalitativ

forsking på praksis er å skildre kompleksiteten av eit fenomen knytt til eit bestemt fokus eller problemstilling. For å få dette målet, må ein få informantane til å fortelje om sine opplevingar og erfaringar.

## 4.2 Kasusstudie

Når ein ynskjer å forstå noko i djupnaden, er kasusstudiet ei tilnærming ein kan bruke (Myklebust, 2002). Kasusstudiet, eller case-studier, er undersøkingar der fenomen blir studert i si naturlege setting og fokus for analysa blir retta mot ein eller fleire einingar som representerer studien sin ”case” (Thagaard, 2009). I ein kasusstudie ynskjer ein å skaffe seg rikhaldig informasjon om dei einingane som studien fokuserer på (Thagaard, 2009). Postholm (2010) seier at kasusstudie er utforsking av eit ”bunde system”, eit system som er både tid og stadbunden. I denne oppgåva gjeld det eit IKT-samarbeid mellom skule og heim, for lærarar og foreldre i 6. og 10.klasse. Når ein tek i betrakting dei tidsrammene som er gitt for ei oppgåve som dette, er det naturleg å foreta ein kasusstudie. Bakgrunnen for å velje denne typen studie heng også saman med problemstillinga og at eg er usikker på kva det IKT-samarbeidet eg har tenkt å forske på inneber og innehalar. Slik får ein kanskje ein tettare kontakt mellom forskar og informant og eit kvalitativt perspektiv på det fenomenet ein forskar på (Myklebust, 2002).

Når fokuset vert retta mot eit spesifikt kasus i det kasuset sin kontekst, kan ei slik forskingstilnærming avdekke interaksjonen mellom ulike faktorar som er karakteristiske for kasuset i denne settinga. Eg ynskjer å sjå på interaksjonen mellom foreldre og lærarar og deira bruk av IKT i kommunikasjonen mellom heim og skule. Eg er interessert i å finne dei forskjellige faktorane som utspelar seg i dette samarbeidet, og dermed få fram dei konkrete tankane til informantane. Slik kan eg også få gi ei skildring av fenomenet i sin heilskap, og dette er i eit mål i all kvalitativ forsking (Postholm, 2010). Vidare skriv Postholm (2010) at kasusstudiet er ei utforsking av handlingar i kvardagslivet.

Det som vert skildra i dette kasusstudiet er gjennomført i den verkelege verda, og skildringane og kunnskapen som kjem fram, vil bli tolka og kan bli brukt i praksisfeltet. Eg ynskjer å kunne bruke den kunnskapen som kjem fram i mitt yrke som lærar. Eg synest derfor at det er viktig å ha fokus på lærarar og foreldre i denne oppgåva. Postholm (2010) seier at det er viktig at deltarane sitt perspektiv vert løfta fram, og det er det eg ynskjer å gjere i denne studien.

Eit kasusstudie er avgrensa i både i tid og rom (Postholm, 2010). Dette er også gjeldane i denne masteroppgåva. Datamaterialet vart samla inn på relativt kort tid, likevel vart tilstrekkeleg med data samla inn. Innanfor eit kasusstudie kan ein sosiokulturell tolking av einige som blir forska på, vere nyttig (Postholm, 2010). Eg analyserer mitt materiale med tanke på at menneska lærer i samhandling med kvarandre, noko som er i tråd med sosiokulturell tenkemåte.

Kasusstudiar vert kjenneteikna av at ein har spørsmål om korleis og kvifor (Myklebust, 2002, Postholm, 2010) og er stort sett kvalitativt orientert. Vidare er det stor variasjon i generaliseringsambisjonane, noko som også er gjeldane i denne oppgåva. Kasusstudiar er også kjenneteikna av at dei inneber forsking som søker å betre forståinga av sosiale fenomen (Myklebust, 2002).

#### **4.3 Ein fenomenologisk ståstad**

Fenomenologiske studiar skildrar den meiningsa menneske legg i ei oppleving knyta til ei erfaring av eit bestemt fenomen. Fenomenologien er utvikla med utgangspunkt i filosofi og psykologi, og det finst fleire retningar innanfor denne tilnærminga (Postholm, 2010). Forskinsintervjuet er ein god metode for forskaren å bruke til å setje seg inn i informantane si livsverd, og er den mest brukte forskingsmetoden innanfor fenomenologien (ibid). Kvale og Brinkmann (2009) seier at i kvalitativ forsking er fenomenologi eit omgrep som peikar på ei interesse for å forstå sosiale fenomen ut frå aktøren sitt perspektiv og skildre verda slik den blir opplevd av informantane, ut frå den forståinga at den verkelege verkelegheita er den menneska oppfattar. I forskingsarbeidet mitt ynskjer eg å få informantane sine kjensler, haldningar og meininger fram, då det er foreldra og lærarane som sit inne med den informasjonen eg søker. Dei er aktørane i samarbeidet mellom heim og skule, som er det sosiale fenomenet eg har fokus på.

#### **4.4 Grunngjeving for val av metode**

Knut Halvorsen definerer, i si bok *Å forske på samfunnet*, metode som ”de verktøy en kan nytte for å samle inn informasjon” (Halvorsen, 2008, s. 20). Vidare seier han at metode er ein systematisk måte å undersøkje verkelegheita på (Halvorsen, 2008). Metode kan vere læra om å samle inn, organisere, bearbeide, analysere og tolke sosiale fakta på ein systematisk måte (ibid). Val av forskingsmetode er basert på kva slags informasjon ein søker frå kven, og under kva omstende, metoden må vere eigna for det

forskningsproblemet ein står ovanfor (Thagaard, 2009). I dette forskningsarbeidet var metoden kvalitativt intervju. Dette er ein metode som eignar seg til å svare på det forskingsspørsmålet eg stiller. Å velje forskningsintervju var eit bevisst metodisk val. Postholm (2010) seier at det er forskinga si hensikt og mål som avgjer kva strategi som blir tatt i bruk for å innhente tilstrekkeleg informasjon for å oppnå forståing. I denne masteroppgåva søker problemstillinga ein kvalitativ tilnærming då den spør etter grunngjevne svar som ein ikkje ville ha funne ved ei kvantitativ tilnærming.

#### **4.5 Det kvalitative forskningsintervjuet**

I eit kvalitativt forskningsintervju blir kunnskap produsert sosialt, altså gjennom interaksjon mellom den som intervjuar og den som blir intervjua (Kvale, Brinkmann, Anderssen, & Rygge, 2009). Eit intervju er ein samtale som har ein viss struktur og hensikt. Forskningsintervjuet går djupare enn den spontane meiningsutvekslinga som skjer i kvardagen. Gjennom intervjuet registrerer og tolkar intervjuaren meinings med det som blir sagt og kva måte det blir sagt på. Ein lytter til dei eksplisitte skildringane og meiningsane som blir uttrykt, men også det som blir sagt ”mellan linjene”. I intervjuasjonen forsøkte eg å formulere det implisitte bodskapen informanten kom med ved å gjenta det som vart sagt, slik eg tolka det, og dermed fekk eg mi tolking bekrefta eller avkrefta.

Den framgangsmåten som er mest brukt i kvalitative intervju, blir kalla ei delvis strukturert tilnærming (Thagaard, 2009). Dei tema som forskaren skal spørje om er altså i hovudsak bestemte på førehand, men rekkefølgja av temaa blir bestemt underveis. På denne måten kan ein følgje intervjuobjektet si forteljing, men likevel sørge for å få informasjon om dei temaa som er fastlagte (ibid). Avhandlinga skal ha ei teoretisk vekting på kommunikasjon i skule-heim-samarbeid, og derfor er intervju føremåleneleg.

#### **4.6 Verknadar av metodeval**

Noko som kan virke avgrensande ved bruk av eit kvalitativt forskningsintervju, er kor langt ein kan generalisere, altså om forsøket kan ha betydning utover der den konkrete forskinga tek stad, vil dette gjelde vedrørande alle skular/lærarar og foreldre uansett klassetrinn og stad? Dersom ein stiller spørsmål ved generaliseringa ved denne typen undersøking, berre for å ha eit samanlikningsgrunnlag, kan ein vel seie det slik at vitskaplege fakta sjeldent byggjer på enkeltståande eksperiment, men at dei byggjer på

fleire undersøkingar av det same fenomenet under forskjellige forhold. Eg meiner at ein kan seie at denne aktuelle undersøkinga vil vere generaliserbart til eit teoretisk innhald, men ikkje til ein større populasjon. Undersøkinga representerer ikkje ein mal, men gir eit tillegg til den teorien som allreie finst om emnet. Og ein har eigentleg ikkje ein ambisjon om å kunne generalisere etter ei undersøking som dette. Denne undersøkinga søker å synleggjere om IKT er eit verktøy som bør satsast på i kommunikasjonen mellom skule og heim. Undersøkinga skjer i sanntid, og dermed vil gjerne informantane sine tankar om forbettingspotensial bli veklagt.

Relasjonen mellom informanten og meg, kan vere avgjerande for utfallet av intervjuet, og dermed kjem ei sårbar side av forskingsmetoden fram. Det er eit mål at eg, som intervjuar, klarer å skape eit rom der informanten kjenner seg trygg og føler han kan snakke fritt. Det krev ein fin balanse mellom intervjuaren sitt ynskje om å hente inn interessant kunnskap og respekten han har ovanfor intervjugersonen sin integritet (Kvale et al., 2009). Kvale et al (2009) påpeikar også at intervjuet er ein spesifikk profesjonell samtale med eit klart asymmetrisk maktforhold mellom forskar og informant, då det er forskaren som bestemmer tema for intervjuet og stiller spørsmåla. Det kan også vere vanskeleg for den som blir intervjuada dersom forskaren sin dagsorden er meir eller mindre skjult. Intervjuaren ynskjer kanskje å få informasjon utan at informanten veit kva intervjuaren er ute etter, og dette kan føre til at informanten blir usikker. Kanskje kan også dette gå ut over svara forskaren får, informanten søker å svare slik han trur forskaren ynskjer. For å minske desse biasane, var eg vere så open som mogleg, forklarte at eg ynskte informantane sitt syn på det eksisterande IKT-samarbeidet, at eg ville at dei skal bruke eigne ord og skildre dette på eigen måte.

I og med at eg har valt berre eit fåtal av informantar, er det ein fare for at ein viss identifikasjon kan finne stad. Forskinga mi føregjekk i eit forholdsvis lite miljø, og eg har gjennom forskingsrapporten hatt dette i bakhovudet slik at ingen av informantane skal kunne bli gjenkjent.

#### **4.7 Reliabilitet**

I samband med verknadar som kan oppstå ved bruk av eit kvalitativt forskingsintervju, vil eg også nemne omgrepene reliabilitet. Thagaard (2009) viser til Seale (1999) som lagar eit skilje mellom ekstern reliabilitet og intern reliabilitet. Her blir ekstern reliabilitet knytta til spørsmålet om repliserbardom, altså om eit forskingsprosjekt kan

bli gjentatt av andre forskarar i ein annan situasjon, og konklusjonen blir at repliserbardom er vanskeleg å oppnå i kvalitative studiar. Intern reliabilitet blir knytta til grad av samsvar i konstruksjon av data mellom forskarar som arbeider innanfor same prosjekt (Thagaard, 2009). For å oppnå denne forma for reliabilitet må altså forskaren vere konkret og spesifikk i rapporteringa av framgangsmåtar ved innsamling og analyse av data. Silverman (2006) seier at dersom ein gjer forskingsprosessen meir gjennomsiktig, kan ein styrke reliabiliteten. Då må ein gi ei detaljert skildring av forskingsstrategien og analysemетодane ein vel å bruka, slik at forskingsprosessen kan bli vurdert trinn for trinn (Silverman, 2006). Det kan nok sjåast som ein svakheit at den eksterne reliabiliteten er svak i mitt forskingsprosjekt. Gruppa av informantar vil ikkje vera lik og forskaren sine subjektive tolkingar og analyser vil bli ulike. Det same gjeld til dels den interne reliabiliteten. Eg hadde intervju som var delvis strukturerte og då kan det vere vanskeleg å vere konkret og spesifikk, og det blir dermed vanskeleg for andre å gjere akkurat det same då ein slik type intervju ikkje har ei fast rekkefølgje på spørsmåla, og ein er open for å følgje dei uventa uttalingane som informantane kan komme med. I masteroppgåva reflekterer eg over konteksten for innsamling av data, og korleis relasjonen til informantane kan påverke den informasjonen eg fekk. I mi forsking har eg heile tida vore medvit på at eg skal fortelje, forklare og vere tydeleg ovanfor informantane, samt vere så tydeleg eg klarer med å dokumentere korleis eg har føretatt intervjugprosessen min. Dei omgropa og språket eg har brukt har eg stundom forklart og tydeleggjort for informantane slik at dei veit kva eg legg i dei omgropa eg brukar, og bedd informanten gjere det same. Det vil likevel vere umogleg å gjenta eit intervju på same måte fordi informanten ikkje kan repetere det som er blitt sagt, delvis fordi informanten ikkje kan hugse kva som vart sagt, og delvis på grunn av den innsikta han fekk i det første intervjuet (Postholm, 2010).

Eit forskingsarbeid sitt truverde blir basert på spørsmål om forskinga er utført på ein truverdig måte (Postholm, 2010). Om forskinga kan støttast av anna forsking er også viktig, kan det overførast til andre samanhengar? Dalen (2004) skriv at spørsmål om reliabilitet, altså truverde og pålitelegheit, i kvalitative studiar kan bli ivaretatt ved at forskaren er svært nøyaktig nå han skildrar forskingsprosessen på ein slik måte at nokon andre kan ta på seg dei same ”forskarbrillene” ved ei tenkt gjennomføring av same prosjekt. Denne skildringa må omfatte forhold ved både informant, forskar og intervjustituasjon, i tillegg på ein opplyse om kva analysemетодar som er tatt i bruk

under bearbeiding av materialet. I mitt forskingsarbeid har eg forsøkt å gjere dette til dømes ved å ha ein intervjuguide som kan følgjast, og vidare gi ei skildring om korleis eg har analysert materialet mitt.

## **4.8 Gjennomføring av undersøkinga**

I det følgjande vil eg skildre det kvalitative forskingsintervjuet, val av informantar og korleis eg samla inn datamaterialet mitt.

### **4.8.1 Val av informantar**

Kvalitative studiar baserer seg på strategiske utval (Thagaard, 2009), altså at ein vel informantar som har eigenskapar og kvalifikasjonar som er strategiske i forhold til problemstillinga og dei teoretiske perspektiv ein har. Utvalsmetoden eg har valt, er i følgje Thagaard (2009) vanleg i kvalitative studiar der ein har med personlege og nærgåande tema å gjere. Dermed må ein nytte seg av ein seleksjonsmåte som kan sikre ein eit uval. Når utveljinga av informantar føregår på denne måten, kallar ein det tilgjengelighetsutval (Thagaard, 2009). Utvalet blir då strategisk ved at informantane representerer eigenskapar som er relevante for mi problemstilling og framgangsmåten for å velje informantar er basert på den tilgjengelighet dei har for forskaren (Thagaard, 2009). Silverman seier det same "Purposive sampling allows us to choose a case because it illustrates some feature or process in which we are interested"(Silverman, 2006, s.306). Eg valde ut klassane fordi eg visste at desse skulle bruke IKT i kommunikasjonen mellom heim og skule. Det vil sei at i begge desse klassane hadde ein planar om eit IKT-samarbeid, men at det ikkje føreligg formelle føringar frå skuleadministrasjonen om dette. Det er lærarar og foreldre som har blitt einige om at dei skal forsøke å bruke IKT i kommunikasjonen mellom heim og skule. Dermed vart det føretatt eit tilgjengelighetsutval, dei to klassane eg hadde visste brukte IKT, vart informantar. Klassane er frå forskjellige skular, men begge skulane er på bygda. Klassen på 10.trinn har elevar frå heile kommunen, som er langstrekta. Elevane har berre gått saman i skuleåret 2011/2011, fordi alle ungdomsskulane i kommunen vart slått saman frå og med hausten 2010. 10.klassen er ein stor klasse, med over 25 elevar, medan 6.klassen har under 15 elevar. Desse elevane har gått saman sidan første klasse. Eg intervjuia to lærarar, ein på 6.trinn og ein på 10.trinn, samt foreldrepruppene på trinna. Utvalet av foreldreinformantar vart gjort ved å føreta eit tilfeldig utval. Fire foreldre vart intervjuata. Eg vurderte i ettertid om eg burde ha intervjuata fleire foreldre for

å få eit større spekter av informantar, men det vart vanskeleg å få tak i fleire informantar.

#### **4.8.2 Datainnsamlinga**

Etter å ha snakka uformelt med lærarane, snakka eg med rektorane på dei aktuelle skulane og presenterte forskingsprosjektet. Eg fekk ei skriftleg godkjenning frå dei aktuelle rektorane og gjekk i gong med å avtale kor og kva tid forskingsintervjua med både foreldre og lærarar skulle skje. Alle intervjeta vart transkribert og skrive ut til å bli analysert.

#### **4.8.3 Forskingsintervjua**

Eg føretok intervjeta i eit møterom på skulen, fordi eg ville gjere rammene rundt intervjetet formelt, men ikkje framand for informantane. Det var kun ein informant som vart intervjeta heime, det var fordi det passa best slik. Eg brukte opptakar under intervjetet og hadde planar om å notere mens intervjetet føregjekk. Dette viste seg å vere vanskeleg, så det vart til at eg lot det vere. Eg fulgte intervjuguiden min, og la inn tilleggsspørsmål der eg meinte det var nødvendig. Nokre gonger gjentok eg det informantane sa, for at eg på den måten kunne forvisse meg om at eg hadde forstått informasjonen rett. Av og til ba eg dei utdjupe svara sine, og nokre gonger måtte også eg utdjupe og forklare for at dei skulle få rett oppfatning av spørsmålet mitt. Eg starta intervjustituasjonen med å gi informasjon om prosjektet, kvifor eg ynskjer denne informasjonen, og var veldig nøyne med å understreka at dette intervjetet ikkje blir tatt med i oppgåva som ein heilskap, men at eg ber om å få bruke den informasjonen informanten kjem med og at det er mogleg at eg også siterer det som blir sagt i oppgåva. Informantane las gjennom samtykkeerklæringa og underskrev. Informasjonsskrivet hadde dei fått på førehand. Etter at kvart tema i intervjetet var blitt brukt, spurte eg informantane om dei ville utdjupe eller føye til noko.

Det var vanskeleg å sei på førehand kor lang tid intervjeta ville ta, men eg ynskte primært berre å føreta eit intervju med kvar informant. Dette er i tråd med fenomenologiske studiar (Postholm, 2010). Eg hadde eit ønske om at kvart intervju skulle ta mellom 20 og 30 minutt, og testa dette på ein person før eg gjekk i gong med å intervjeta informantane. Det viste seg at det vart litt variasjon på lengda på intervjeta, dei varte frå 15 minutt til 25 minutt. Intervjuguiden til foreldra var nokså lik den til lærarane, for eg ville samanlikne svara på dei same spørsmåla. Likevel vart ikkje alle spørsmåla like, og dette er naturleg sidan ein skal tilpasse spørsmåla etter kven ein

snakka med og kva ein vil få informasjon om. Eg grunngir vala rundt utforminga av intervjuguiden i fenomenologien (Postholm, 2010) då intervju er den datasamlingsmetoden som stort sett vert brukt her. Spørsmåla eg stilte var spørsmål som gir fokus for studiet, og som forskingsdeltakarane kunne gi svar på ut frå dei erfaringane dei har (ibid). Intervjuguiden min hadde fire tema, samarbeid, organisering, kommunikasjon og effektar. Under desse tema hadde eg spørsmål som eg tok utgongspunkt i, og tilføyde nye spørsmål medan intervjeta føregjekk dersom eg meinte dette var naudsynt. Nokre gonger følte eg også at informanten svarte på spørsmål som eg enda ikkje hadde stilt, og då hoppa eg enkelt og greitt over desse. Eg spurte til dømes etter kva vanar informantane har ved bruk av e-post, heimside og SMS for å oppretthalde kontakten mellom skule og heim. Denne type forsking handlar om å finne den sentrale underliggjande essensen i ei opplevd erfaring (Postholm, 2010). Då eg utarbeida intervjuguiden tenkte eg meg eit tre med greiner, der stammen er det sentrale emnet, altså bruk av IKT i skule-heim-samarbeid, og greinene dei tema eg ynskte å få inn i samband med hovudtemaet. Stort sett vart rekkefølgja spørsmåla sto i følgt, rett og slett fordi det passa slik. Nokre gongar fekk eg tilbakemelding frå informantane om at dei synest dei allereie hadde svart på spørsmålet, då forsøkte eg å vinkle spørsmålet litt annleis, for å sjå om eg kunne få bekrefta svaret eg allereie hadde. Andre gonger gjekk eg berre vidare, særleg gjorde eg dette viss eg såg at informanten virka utilpass og sette spørsmål ved at eg spurte om noko han eller ho oppfatta som eit ferdig tema.

#### **4.9 Arbeid med det innsamla materialet**

Kort tid etter at intervjeta vart tatt, vart dei transkribert. I alt fekk eg 45 sider med maskinskrivne sider. I arbeidet med transkripsjonen klassifiserte eg utsegn frå informantane inn under ulike kategoriar. Slik kunne eg sjå om det var nokre mønster som gjekk att i intervjeta, for deretter å ta ei djupare tolking av det informantane sa. Det bør presiserast at eg har vore objektiv i tolking av dei funna som er komme fram, men at det likevel vil vere umogleg å sette seg sjølv heilt på sidelinja når ein tolkar eit intervju. Tolkinga vil alltid vere farga og prega av dei erfaringane den som tolkar har.

I den første fasen av analysen var det viktig å identifisere dei analytiske einingane i materialet (Thagaard, 2009). Eininga kan vere ei setning eller eit avsnitt. Anne Ryen skriv i boka *Det kvalitative intervjuet* (2002) at ei eining skal gi mening utan at den treng støtte av supplerande informasjon. Analysen er basert på innhaldet i informantane sine skildringar, og korleis eg ser dette i lys av tidlegare forsking. Einingane vart

bestemt ut frå teori og omgrep som dukka opp gjennom arbeidet med teori og transkripsjon, og vart gjort greie for i teorikapittelet. Desse kategoriane vil spegle sentrale tema i prosjektet, slik at kategoriane blir meiningsberande. Kategoriane, eller kodane, som viser det første nivået i analysen, vart seinare klassifiserte til færre og meir oversiktlege hovudkategoriar (Ryen, 2002). Analyseprosessen skal gi dei konkrete ytringane frå informantane teoritilknyting, og dette skjer når eg tolkar ytringane og set dei inn i ei teoretisk ramme. Etter kvart som eg gjekk gjennom transkripsjonane på ny og på ny, fann eg nye kodar, og endra på dei som allreie eksisterte. Dette gjorde eg fordi eg såg at mi eiga forståing utvikla seg etter kvart som eg fekk arbeide med materialet. Thagaard (2009) påpeiker at kategorisering av materialet både gir oss eit analytisk hjelpemiddel, men at det også skapar ei avgrensing. Måten ein deler inn materialet på, framhevar tendensane i datamaterialet, men stenger samtidig for andre perspektiv. Dermed har eg gjennomgått materialet mange gonger, for å sjå om andre tendensar kom fram dersom eg brukte andre kategoriar.

Analyseprosessen inneber at forskaren rettar merksemda si mot ulike nivå i korleis teksten kan tolkast. David Silverman (2006) seier at ein bør starte analysen med spørsmål om kva og korleis og at ein seinare bør spørje kvifor. Det er også viktig å huske at i kvalitative analyser startar med det første intervjuet og forskaren sitt første blikk på dokumenta. Dataanalyse og datainnsamling er dynamiske prosessar (Postholm, 2010). På denne måten hadde ikkje analysedelen av mi masteroppgåve nokon tidsbestemte rammer, men føregjekk så lenge eg holdt på med oppgåva.

#### **4.9.1 Kvale et al (2009) sine seks trinn innan analyse**

Kvale (2009) skisserar seks trinn i intervjuanalyse, og eg har brukt desse trinna i mitt arbeid med det innsamla datamaterialet. I boka *Det kvalitative forskingsintervju* (2009) vert det skildra seks moglege trinn i analysearbeidet. Det første trinnet handlar om det som er tema i undersøkinga. Intervjupersonane skildrar si livsverd og fortel om sine tankar rundt det gitte temaet (Kvale et al, 2009). Dette betyr at eg har latt mine seks informantar fortelje om sitt samarbeid mellom skule og heim. Eit delsvis strukturert intervju var utgongspunkt for intervjugesamtalane.

Trinn to handlar om når intervjupersonen sjølv oppdagar nye forhold i løpet av intervjuet, og ser nye sider av det dei seier og gjer på bakgrunn av det dei fortel gjennom intervjuet (Kvale et al, 2009). I intervjeta var det fleire av informantane som

gav uttrykk for at dei synest ting vart klårare og at dei tenkte nye og andre tankar om det eksisterande samarbeidet. Dei fekk ei innsikt i forhold som dei ikkje hadde tenkt på.

I trinn tre føretar intervjuaren i løpet av intervjuet fortettingar og fortolkingar av meininga med det informantane seier, og ”sender” meiningar tilbake (Kvale, 2009). På denne måten har informanten moglegheten til å bekrefte eller avkrefte at intervjuaren har forstått rett. Eit eksempel på meiningsfortetting kan vere at eg under intervjuet forsøkte å ”hente inn igjen” informantane dersom eg følte dei var i ferd med skli for langt vekk frå det eg mente hadde relevans. Eigne tolkingar vart gjort undervegs i intervjuet, eg høyrt på det informantane hadde å fortelje, og nokre gonger hadde eg oppfølgingsspørsmål.

Det fjerde trinnet vert det transkriberte intervjuet tolka av interjvuaren, altså meg. Intervjuet blir vert strukturert for analyse ved at ein transkriberer materialet. Det er i den eigentlege analysen intervjeta si eigentlege meining vert utvikla. Intervjupersonen si eiga forståing vert henta fram i lyset, og forskaren presenterer nye perspektiv på fenomenet (Kvale et al, 2009). I denne fasen kategoriserte eg materialet mitt og tolka det i fleire omgangar.

Trinn fem dreier seg om gjenintervjuing. Dette går ut på å gi tolkinga av intervjuet til intervjupersonen, som får ein moglegheit til å kommentere det som er skrive.

Det sjette trinnet vil vere å forlenge tråden som går frå å skildre og fortolke til å også omfatte handling. Altså at intervjupersonane får mogleheter til å handle på bakgrunn av den nye innsikta dei har fått gjennom interjvu- og tolkingsprosessen. Eg valte å ikkje bruke dei to siste trinna då eg vurderte desse til å vere ein for tids- og arbeidskrevjande prosess som eg ikkje ser på som nødvendig i forhold til masteroppgåva.

#### **4.10 Vurdering av metoden og mi forforståing**

Sidan eg ikkje visste kva som ligg i eit IKT-samarbeid mellom skule og heim, var det ei lita utfordring å lage intervjuguide. Eg starta med å lese teori om emnet, og sjå kva andre hadde spurt om i liknande undersøkingar. Detter var blant anna for å passe på at eg ikkje berre samla inn data som allereie var å finne. Eg valte ei subjektiv vinkling på forskingsspørsmålet mitt fordi eg er interessert i finne dei involverte sitt syn på IKT-samarbeidet. Ved å bruke forskingsintervju får ein lite tal og statistikkar, og ein kan

ikkje generalisere på same måte. Men som eg tidlegare har nemnt, eg er ikkje opptatt av å kunne generalisere, men å kunne fortelje noko om dette aktuelle fenomenet.

Eg har ikkje arbeida i skulen anna enn som lærarvikar, og har med meg den forforståinga eg har fått av dette. Likevel trur eg at utforminga av intervuspørsmåla er påverka av min forforståing av bruken av IKT i skule-heim-samarbeid. Det er også sikkert at eg, med mi forforståing, har påverka og farga min analyse og tolking av datamaterialet, og det har også hatt noko å sei for kva kodar og kategoriseringar eg har nytta meg av.

Spørsmålet om eg har fått med meg alt, alle variablar og moglege tolkingar, dukkar stadig opp. Burde eg i tillegg til intervju hatt ei spørjeundersøking til både foreldre og lærarar? Eg bestemte meg for å la vere, fordi eg meinte at eg kunne få svar på forskingsspørsmålet mitt ved kun å bruke forskingsintervju. Eg ser også at eg burde ha sjekka at IKT-bruken var så utbreidd som eg tok utgangspunkt i då eg starta med forskingsprosjektet. Noko av dette skyldast at IKT-bruken ikkje vart så utbreidd i samarbeidet mellom heim og skule, som først planlagt, til dømes var ikkje læringsplattformar tatt i bruk. Kva dette skyldast, kan eg ikkje svare konkret på, men det ser ut til å vere at samarbeidet ikkje vart formalisert slik læraren ynskte, og at foreldra heller ikkje kjempa for å få dette i gong. Kanskje kunne eg fått fleire og andre, samt meir varierande tankar og haldningar til IKT-sambandet dersom eg hadde hatt fleire informantar, men utvalet var tilfeldig og eg meiner eg fekk inn nok datamateriale frå mine seks informantar.

I prosessen med å finne relevant litteratur, oppdaga eg at det ikkje er så lett å finne litteratur som går konkret inn på bruk av IKT i skule-heim-samarbeid. Derfor har eg mest teori som går på tradisjonelt skule-heim-samarbeid og generell kommunikasjonsteori. Dette kan bidra til at analysen ikkje er så påliteleg som den kunne ha vore. Eg har også valt å ta med mest norsk litteratur om emnet, det var ikkje så lett å finne internasjonal forsking som sikta seg inn mot bruk av IKT i skule-heim-samarbeid. På andre sida vil eg presisere at eg har fokus på norsk skule og noko av det som jo skil den norske skulen frå skulen i andre land, er det tydelege fokuset på IKT. Det er ein nærliggande tanke at det kan finnast utfyllande litteratur som eg ikkje har funne. Eg har dermed hatt dette i tankane gjennom arbeidet mitt med oppgåva, og datamaterialet mitt er dermed den viktigaste komponenten i masteroppgåva.

#### **4.11 Etiske vurderingar**

Informantane må få kjennskap til kva prosjektet vil ha å sei for dei. Forskaren må vere eksplisitt når han orienterer om bruk av materialet og kven som får tilgong til det. Alle forskingsdeltakarane må bli opplyste om at dei blir anonymisert og at pseudonym vil bli brukte i avhandlinga (ibid). I tillegg må informantane få vite at dei kan trekke seg frå å delta kva tid som helst, og alle opplysningar blir behandla konfidensielt. Samtidig som forskaren tek hensyn til målet for prosjektet, må han opptre på ein akseptabel måte med tanke på å ta hensyn til deltakarane sine verdiar og interesser (Postholm, 2010).

I ein intervju situasjon er dei etiske problema særleg knyta til forskaren si avgjersle om kor personleg og nærgåande spørsmål han kan stille. Ein god kontakt mellom intervjuar og intervjuobjekt kan lede til at informanten blir meir open enn det han eigentleg vil (Thagaard, 2009). Det er eit viktig etisk prinsipp at deltaking i eit forskingsprosjekt ikkje skal bidra til å skade informantane på nokon måte. Intervjuaren bør vere merksam på moglege etiske krenkingar av personlege grenser og vere i stand til å behandle den mellommenneskelege dynamikken i samspelet, slik at informanten ikkje gir ut informasjon som han vil angre på i ettertid. (Kvale et al., 2009).

Prosjektet vart meldt til NSD i januar 2011, og forskinga starta opp då ei godkjenning derfrå førelåg. Informasjon om forskingsprosjektet vart sendt ut til rektorane ved dei involverte skulane, samt dei andre impliserte, i god tid før intervju.

Samtykkeerklæringa vart underskrive før gjennomføringa av intervju. Retningslinjene frå NSD om konfidensialitet og anonymisering har blitt fulgt, noko som inneber at opplysningar om identitet vil bli skilt frå datamaterialet og lagra kvar for seg på ein eigna og sikker måte. Alle data med opplysningar som kan knytast til informantane vert sletta ved prosjektslutt.

#### **4.12 Utfordringar i arbeidet**

Eg kan ikkje sei at oppgåva har skrive seg sjølv, det har vore utfordringar undervegs. Å finne relevant internasjonal forsking har vore vanskeleg, og eg kunne framleis tenkt meg å hatt med enda meir. Då eg skulle ut å skaffe meg informantar, gjekk dette forbausande greitt. Dei fleste eg spurte svara ja, men då eg litt ut i arbeidet med oppgåva fann ut at eg kanskje skulle forsøke å skaffe meg nokre informantar til, vart det vanskelegare. Det nærma seg ferietid, og dei eg spurte var ikkje positive til å delta. Dei foreldra som hadde elevar i 10.klasse syntes dei var ferdige med det aktuelle skuleheim-samarbeidet. Og sjølv om nokre av informantane sa dei ville tenkje på det, drog

tida slik ut at eg berre måtte ta ei avgjerd om å fortsetta med det innsamla datamaterialet. Eg synest eg har fått svar på problemstillinga mi til tross for dette, men kunne gjerne fått eit enda meir nyansert biletet dersom eg hadde hatt fleire informantar.

Å skrive ei masteroppgåve kan til tider både vere trøytsamt og gå ut over andre ting i livet. Det har særleg vore krevjande å føle at ein stort sett står aleine om arbeidet, og må finne ut av problema på eiga hand.

#### **4.13 Oppsummering**

I denne delen oppgåva er det blitt vist at problemstillinga som er reist, vil best bli besvart ved bruk av ein kvalitativ forskingsmetode. Det er også satt lys på min teoretiske ståstad, og mitt metodiske perspektiv. Eg har også gitt ei oversikt over dei analytiske verktøy og metodar eg ynskjer å bruke i mi masteroppgåve. Ambisjonsnivået blir å få informantane sitt syn og haldninga på det nystarta IKT-samarbeidet fram. Instrumentet for datainnsamling er kvalitativt forskingsintervju, og desse blir tatt opp og transkribert til tekst, for vidare å bli tolka og sett i samanheng.

## **5.0 Empiri og drøfting**

*"In the social science there is only interpretation. Nothing speaks for itself"<sup>2</sup>*

I denne delen av oppgåva vil eg presentere funna eg har gjort etter å ha intervjuat lærarar og fire foreldre angåande deira bruk av og haldningar til bruk av IKT i skuleheim-samarbeid. Dette vil bli gjort i relasjon til problemstillinga:

### **Korleis forstår og praktiserer foreldre og lærarar bruk av IKT i skule-heim-samarbeid?**

Eg vil drøfte funna i tråd med teorien som vart presenteret i kapittel 3. Funna vil bli presentert gjennom ulike hovudkapittel, og desse kapitla utgjer måten eg har organisert funna på. Gjennom analysen har eg brukt Nordahl (2007) sine nivå i skule-heim-samarbeid, og eg set datamaterialet mitt inn i desse nivå. Informantutsegna er skrivne på nynorsk, og er stort sett slik dei vart uttalt på dialekt til meg. Å skrive kun dialekt kan gjøre det vanskeleg for lesarane å lese og forstå utsegna. Eg omtalar gjerne også informantane som ”han”, fordi det er ein informant. Dette har ingenting med kjønn å gjøre.

Gjennom heile kapitelet viser det at eg har det fenomenologiske perspektivet i fokus, eg skildrar korleis menneska opplever og erfarer bruk av IKT i skule-heim-samarbeid.

### **5.1 Samarbeid – forventning og ynskje om dialog**

Eg vil i det følgjande skildre korleis foreldre og lærarar forstår samarbeid. Samarbeid vart i innleiinga definert slik av meg; *to eller fleire partar jobbar i lag for å få til det beste for den einskilde eleven, både skulefagleg og sosialt*. For å få ei forståing av korleis informantane tenkjer om samarbeid, spurte eg dei litt om kva dei legg i omgrepet samarbeid og kva forventningar dei har til skule-heim-samarbeid. Eg meiner at for å få svar på problemstillinga mi, så må eg få eit inntrykk av informantane sine tankar og synspunkt rundt dette forholdet.

Både foreldre og lærarar omtalar dei faste foreldremøta og kontaktmøta som tek plass i løpet av eit år. Eg tolkar dette som at foreldra møter opp på desse møta, og ser på det som ein del av si plikt som foreldre. Lærarane peiker på at foreldremøta er viktige og er ein del av samarbeidet. Foreldra seier at dei synest det er greitt å ta kontakt med skulen

---

<sup>2</sup> Anne Kristin Rønse: Intervju og observasjonsmetoder. Forelesning ved HSH 28.10.10

dersom det er noko, og samarbeidet er dreier seg både og faglege og sosiale ting, men kanskje mest sosiale. Og det blir meir kontakt dersom det er ein konkret problem dei samarbeider om.

### **5.1.1 Kva forventar lærarane?**

Dei forventningane partane sit med med tanke på det eksisterande samarbeidet, er i dei fleste tilfella ikkje avklarte med kvarandre, men likevel er det stor grad av samsvar i svara mellom lærarar og foreldre. Lærar1 (L1) seier ”eg forventar at dei er positive, at dei er lojale. At dei formidlar til elevane ei positiv innstilling til meg og skulen. Eg forventar praktisk hjelp viss eg treng det (...)” Lærar 2 (L2) har også forventningar som går på at begge partar skal jobbe på same lag, og seier ”(...) det er forventar, er vel at foreldra seier i frå når det er noko og at dei er lydhøyre når det er ting ein har lyst til å endre på eller forklare eller sånne ting.”

Samarbeid er at nokon arbeider saman, og dette seier også L2 ”Ja, samarbeid er jo å jobbe saman om noko for at eit arbeid skal bli gjort”. Som Stortingsmelding nr.39 (2001-2002) seier, så skal ikkje foreldra vere passive mottakarar til skulen, men medansvarlege.

På spørsmål om kva kommunikasjon er, svarar L1 at ”det skal ikkje vere einvegskommunikasjon, men ein tovegskommunikasjon. Det er jo veldig viktig at eg og kan lytte til det foreldra har å sei.” Eg tolkar det informantane seier som eit uttrykk for at dei ynskjer dialog. Skulen er ofte prega av einvegskommunikasjon frå skulen til heimen, der foreldra blir fortalt kva som blir forventa av dei. L2 seier at kommunikasjon er ”(...) ein måte å utveksla informasjon meir eller mindre.” Slik må også lærarane vere opne for å høyre på det foreldra har å sei. Forelda må vere oppdaterte på kva som skjer på skulen, slik at dei kan vere med å fremje læring hos elevane. Nordahl (2003) understrekar også dette, og viser til at lærarane er opptatt av at foreldra skal få god informasjon om barnet sin skulesituasjon. Her ser eg ei utfordring ved korleis lærarane kan sikre at informasjonen når ut, samt at ein skal kunne sikre at god informasjon ikkje kjem i vegen for dialog. Med dette meiner eg ikkje at all informasjon frå skule til heim skal vere grunnlag for drøfting, men som Nordahl (2003, 2007) viser i sine undersøkingar ser ein at skulen gjerne har vektlagt å gi informasjon framfor det å legge til rette for drøfting og medverknad.

### **5.1.2 Kva forventar foreldra?**

Foreldra har mykje det same synet og sjølv om forventningane ikkje er snakka ut om, så er det stor einigkeit om kva som vert forventa av kvarandre, og det vert peika på at det er viktig å ha det samarbeidet som eksisterer. Føresatt 3 (F3) seier ”(...) eg forventar at dei tar kontakt viss det er noko dei synest er verdt å jobbe litt meir med (...) Så når eg ikkje hører noko, så forventar eg at då går ting sånn noko lunne.” Foreldra ynskjer informasjon dersom noko ikkje fungerer, dei vil ha informasjon dersom det er noko dei kan gjere for å følgje eleven betre opp heime.

Dialog og kommunikasjon er omgrep som blir brukt til å skildre det same fenomenet. Det handlar mellommenneskeleg kontakt (Steiro, 2006). Vidare seier Steiro (2006) at kommunikasjon er overføring eller utveksling av informasjon. I tråd med Opplæringslova §1-2 skal lærarane samtale med foreldra på fornuftig vis om dei forhold som angår barnet og barnet sin situasjon i skulen. Lærarane må sjå foreldra som deltagarar i samtalen og må snakke slik at foreldra forstår. F2 utdjupar dette slik ”Ja, det er jo altså viktig, der jo måten du ordlegg deg på då, viss du vil ha eller ta opp noko då eller få gjennomslag for noko. At ein kan kommunisera på gode måtar då (...) ikkje vere sånn bastant, men spørje om korleis andre opplever det og, ja”. Eg tolkar dette som at informanten har opplevd lærarar som ikkje alltid er open for foreldra sine tankar om hendingar som kan ha skjedd. At det er viktig å sjå ei sak frå alle sider. F1 påpeiker at ein må snakka saman for å få til eit godt samarbeid ”(...) at me har ein tovegskommunikasjon og at mei får sei vår mening og dei får sei si mening og kanskje komma fram til ei løysing viss det er eit problem” (F1).

### **5.2 Praktisering av IKT i skule-heim-samarbeidet**

Thomas Nordahl (2007) seier at det finst tre nivå i skule-heim-samarbeid. Det første og lågaste nivået dreier seg om utveksling av gjensidig informasjon mellom partane. Det neste nivået er dialog og drøfting som er innfallsvinkel til god og sannferdig kommunikasjon mellom skule og foreldre rundt det som angår elevane, undervisning og miljø. Det siste nivået er medverknad og medbestemming. At begge partar i samarbeidet skal ha innverknad på det som vert bestemt og den pedagogiske praksis som føregår. Eg vil no føreta ei analyse av det innsamla datamaterialet i forhold til desse nivåa. I LK06 står det at samarbeidet mellom heim og skule skal vere basert på likeverd og gjensidighet, og dette samsvarer med det Nordahl (2007) seier.

## **5.2.1 IKT si rolle på informasjonsnivået**

Dette nivået er det lågaste nivået Nordahl (2007) skildrar. Eg spurte informantane om dei bruker informasjonsteknologi i skule-heim-samarbeidet, og ba dei nemne kva kommunikasjonverktøy dei bruker. Ingen av informantane brukar læringsplattformar, men dei brukte andre digitale løysingar til å oppretthalde kommunikasjon og kontakt mellom skule og heim.

### **5.2.1.1 Foreldra sin bruk av digitale verktøy på informasjonsnivået**

Det er bruk av heimeside, SMS og e-post som er dei verktøya som vert mest brukt, elles seier både foreldre og lærarar at dei framleis synest at det er greitt å ringe til kvarandre dersom det er noko dei ynskjer å ta opp. ”Det er jo den der heimesida eller sånn for å få vekeplanen og informasjon kva som skjer på skulen og sånt. FAU og alt detta her” (F1). Heimesida vert besøkt med jamne mellomrom, og det er ein god måte for foreldra å få eit innblikk i elevane sin skuledag på. Det er ein informasjonskanal frå skulen til foreldra, og dette vert understreka av til dømes F3 og F1 som seier at ”eg bruker heimesida sånn informativt( ...)” (F3). ”Lettvint, eg synest det er interessant å følga med på kva som skjer på skulen. Me får ganske mykje info om kva dei jobbar med og (...) legg ut bilet og sånt noko og absolutt kjempeinteressant og eg føler me får lettare litt meir innsyn i kva som rører seg på skulen på ein måte” (F1). ”Det er heimesida, den bruker eg jo. Og så er det jo telefon, altså å ringa” (F1). F3 seier også at det greit å berre ta ein telefon dersom det er noko ”eg har ikkje brukt så masse SMS, men klasseforstandar har vel eigentleg sagt at me ikkje må vere redde for å bruke det. (...) har ofte brukt kontoret viss eg skal gi ein sånn generell beskjed, for eg føler dei av og til er fri og sånt (...).” SMS er særleg mykje brukt til å melda frå til læraren dersom ein elev er sjuk, og dette er ei ordning som både lærarar og foreldre er nøgde med. Beskjeden kjem raskt til rett person, og det er moglegheit for raskt svar. SMS blir også brukt til å gi korte beskjedar, eller som F3 seier ”viss eg treng kontakt med læraren for å snakke så kan eg sende melding og be dei ringe når dei har tid. (...) det er helst i samband med skuleturar og sånt eg har hatt ein del meldingar”. E-post vert også brukt, men ikkje i så stor grad som SMS og heimesida. ” (...) e-post det er veldig kjekt viss det er noko sånt konkrete ting som du gjerne vil samle på (...)” (F4).

Det er tydeleg at det meste av samarbeidet mellom skule og heim dreier seg om å gi og få informasjon, men ein kan også argumentere for at bruk av e-post og SMS er med på å strekkje IKT-samarbeidet over i neste nivå, som omhandlar dialog og drøfting. Og ein

ser gjerne at nivåa skule-heim-samarbeida glir inn i kvarandre, og dette vil nok vere naturleg sidan både informasjon og tovegskommunikasjon er deler av samarbeidet.

### **5.2.1.2 Lærane sin bruk av digitale verktøy på informasjonsnivået**

Dei to lærarane eg har intervjua praktiserer bruken av IKT litt forskjellig. Den eine har brukt e-post som kommunikasjonsmiddel ved fleire anledningar, og synest det fungerer godt. ”(…) det å bruke e-post direkte til foreldra er noko som går veldig raskt og effektivt”, seier L2. Vidare seier læraren ”(…) eg sendte mail direkte til foreldra ved ting eg hadde informasjon om eller kva som helst (...) (L2). Dette tolkar eg som at denne læraren meiner at e-posten er ein god måte å kommunisere med foreldra på, og at det både kan fungere som ein formell måte å henvende seg til dei på, samtidig som det kan vere eit godt medium å bruke når ein berre vil informere litt. Lærarane bekreftar det foreldra har uttalt seg om heimesida. Denne blir brukt som ein informasjonskanal til foreldra, og her blir vekeplanar, måltestar og anna informasjon lagt ut. ”Og så legg eg ut litt bilet og sånt, det er ikkje kontakt på den måten. Men det er jo på ein måte for at dei skal få informasjon og litt sånn (...) nokre setningar om spesielle ting me har gjort” (L1). Vekeplanane vert lagt ut på heimesida i tillegg til at elevane får dei i papir. Den eine læraren seier at dette er ein måte å nå både foreldre og elevar dersom eleven har mista eller gløymt vekeplanen. Det har også skjedd at elevar har sagt at dei ikkje har lekser, og då er det veldig greitt for foreldre å gå inn å sjå på heimesida til klassen. Det same gjeld elevar som har skilde foreldre, L1 seier ”Eller det er elevar som ikkje bur saman med eleven, så dei òg har moglegheten til å følgje med på kva me jobbar med på skulen med at planen ligg der” (L1).

Å bruke SMS er begge lærarane positive til, men dei bruker det kun til å sende og motta korte beskjedar. L1 seier ”det er jo ein veldig rask måte å informere på når det gjeld mobil for eksempel. No sender vanlegvis foreldra beskjed på mobilen viss ein elev er sjuk ein dag (...) men sender dei på mobilen, får eg den i alle fall i løpet av dagen, og er det ein som er vekke, så sjekkar eg jo mobilen om eg har fått melding” (L1). Det same gjeld L2 som også får beskjed om fråver på SMS.

Det er tydeleg at særleg bruk av SMS bidrar til den gjensidige informasjonen, som Nordahl (2007) seier kjenneteiknar det lågaste nivået i eit skule-heim-samarbeid. Men SMS kan også kjenneteikne dialog og samhandling. Dette viser seg særleg når foreldre og lærar har ein avtale om at dei skal informere kvarandre om eleven kvar dag eller kvar veke. Då blir informasjonen utvida til gjensidig dialog for begge partar.

L2 seier at det kan vere ei ulempe at det framleis er nokon foreldre som ikkje har e-post og slikt eller ikkje les e-posten sin ofte nok, slik at ein ikkje berre kan basere seg på å bruke digitale verktøy utan at det er heilt avklart med foreldra at det er dette som er forventa. Då blir det vanskeleg å nå dei via både e-post, heimeside og eventuell læringsplattform. Det er vanskeleg å få til dialog, og ikkje minst vert det vanskeleg å få eit IKT-samarbeid til å dyrke medbestemming og medverknad. Dersom foreldra ikkje ynskjer å verken ringje, sende SMS eller bruke internett, vil ein knapt klare å halde vedlike informasjonsnivået, og ein vil aldri klare å nå det tredje, og høgaste nivået i samarbeidet. Dette kan ha noko å gjere med at skulen er pålagt av myndighetene å samarbeide med foreldra. Det er ikkje noko ein kan velje, og som det står i Kunnskapsløftet, er det foreldra som har hovudansvaret for barna sine, og så lenge barna er skulebarn, er dei plikta til å samarbeide med skulen for å fremje læring hjå eleven sin.

### **5.2.2 Aukande IKT-bruk blant foreldra**

Foreldre brukar telefonen mykje, dei ringjer.”Det er snart slutt på den generasjonen som synest det er vanskeleg (...) reint sånn tekniske ting då” (L2). Eg forstår utsagnet til informanten slik at han tenkjer at det snart blir ein ny foreldregenerasjon, og at det kanskje med tida er lettare å oppretthalde eit IKT-samarbeid med alle foreldra. At ein gjerne ikkje må gjere dobbelt opp slik som no, men at alle er så digitalt kompetente at dei synest at eit IKT-samarbeid mellom skule og heim, er det som vert naturleg. No synest dei fleste foreldra at SMS fungerer greitt, men dei brukar også mykje brev og lærarane får mykje brev tilbake dersom det er noko foreldra lurer på. L2 ynskjer at e-posten skal bli sett på som meir formelt, slik at det heller blir det naturlege mediet i staden for å sende brev eller ringe til kvarandre ”(...) det er liksom litt sånn i startgropa enda, det der med bruk av skriftleg, elektronisk medium, det er enda ikkje heilt settla” (L2).

At IKT-bruken blant foreldra er aukande vert understreka av fleire ”Ja, oppad. At dei klarer meir og meir nå. Det enkle og SMS (...) Fleire og fleire klarer den enkle måten nå, tidlegare var det jo fleire som sa dei ikkje var inne på heimesida og vekeplanen, den fann dei ikkje.” (F3). Her viser F3 tydeleg at han synest at å bruke IKT i skule-heim-samarbeid er positivt. Det blir referert til IKT-samarbeidet som ”den enkle måten”. Eg tolkar dette som at IKT i samarbeidet gjer det lettare å få informasjon og gi informasjon. Ein kan gjere det frå sofaen, om ein vil. Dette gjeld sjølv sagt for dei som synest dei

meistrar dei nye, digitale verktøya. Som F2 understrekar ”Altså viss ein er oppe og går på det så, så tenker eg jo at då får ein jo fort kontakt”.

At det finst nokre foreldre som har betre bruk for eit IKT-samarbeid enn andre, er det ingen av informantane som vil vedgå. Men dei seier at for skilte foreldre, kan det vere greitt, som tidlegare nemnt, og at ein kan ”opne e-post og SMS både når dei er i den eine og den andre situasjonen, men når det passer dei best (F4). L1 seier at nokre foreldra har elevar som er meir krevjande enn andre, og kanskje er det slik at ”foreldre til sånne barn kan ha betre nytte av det” (L1).

Ein del foreldre sit også mykje på datamaskinane sine, og dei abонnerer på opplysningar som vert lagt ut på heimesida. På denne måten får dei raskt beskjed når det er lagt ut noko nytt på nettsida til klassen. L1 kunne gjerne tenkt seg at foreldra bruker heimesida som informasjonskanal og seier ”eg hører jo også andre som aldri er inne, så det jo veldig forskjell korleis foreldra oppfattar eller gjer seg nytte av det som blir lagt ut. Og då lurer eg jo av og til på om gjer litt forgjeves arbeid, men så hører eg jo at det er ein del som set pris på det også (L1). Slik eg tenker, så er den viktigaste foreldreføresetnaden at dei faktisk tar steget ut i den digitale verda, og ser at bruk av IKT kan vere med å driva skule-heim-samarbeidet framover. Dei fleste informantane mine er allereie på god veg, men dei er også tydelegvis klar over at dette ikkje gjeld alle i dei aktuelle foreldregruppene.

### **5.2.3 Bruk av IKT gir meir innsyn**

Lærarinformantane tenker også på at IKT kan gi negative effektar som til dømes det med misbruk av tekstar og biletar som vert lagt ut. ”Det med misbruk, viss eg legg ut eit bilet med eleven som elevane kan kopiere og manipulere. Eg legg jo aldri ut namn, men..Dei kan legge det på Facebook” (L1). Også det at ein aldri kan vere heilt sikker på at mottakaren forstår di meining og hensikt ved bruk av skrifteleg medium opptek L1.

*Ord som blir skrive, viss eg skriv ein liten epistel om noko, så kan det bli misforstått. Fordi det kan alltid oppfattast på ein annan måte enn det eg har tenkt, så viss eg skriv noko, så tenker eg alltid kva kan dei oppfatte annleis enn det som er meint. For når eg legg ut noko sånt, så legg eg jo ikkje ut noko negativt. Men det er klart at ting kan oppfattast annleis enn det eg har tenkt (L1)*

Dette kan gjerne styrke eit motforhold mot å bruke IKT i skule-heim-samarbeid. At ein mister noko av den ansikt-til-ansikt-kommunikasjonen, og at det blir større rom for misforståingar. Kanskje må ein avtale eller legge føringar for eit slikt samarbeid, slik at

begge partar er heilt sikre på at negative saker ikkje vert tatt opp utan at ein er heilt tydelege på det, og gjerne følgjer opp med ein prat etterpå. At dette høyrer heime under informasjonsnivået argumenterer eg for ved å vise til at heimesida er ein informasjonskanal frå skulen til foreldra. Også foreldra har påpeika at denne kun vert brukt som einvegskommunikasjon.

Og så vert det nemnt litt om økonomi, ”ja, akkurat når det gjeld økonomien oppe i det, at du må sende melding kvar dag frå din private telefon” (L1). L1 seier også at det er litt dumt at ein då blandar private meldingar og meldingar som høyrer til jobben. ”Det som eg gjerne føler, at me burde hatt ein skulemobil, alle kontaktlærarane, for eg synest det er uhøfleg å ikkje svare på ei melding. (...) det blir jo småpengar, men det er liksom litt med prinsippet at det som gjeld jobben, skulle eg ønske kom på ein annan mobil enn min private” (L1). Eg tolkar dette som eit ynskje om å skilje jobb og privatliv, og det er lettare at andre personar får tilgong til ein privat mobil enn til ein som er rekna for arbeid. Då slepp ein også å bekymre seg for at meldingar med personinformasjon skal komme i hendene på andre. Eg tenkjer også at samtidig som me har sett at SMS kan føre til dialog, er bruk av privat mobil eit hinder for lærarane for å bruke denne enda meir. Kanskje hadde det vore enklare å plassere SMS i nivå to permanent dersom lærarane slapp å blande jobb og privatliv?

#### **5.2.4 IKT-samarbeid og kontakt**

Drugli & Onsøien (2010) har tre faktorar som dei meiner vil fremje eit godt foreldresamarbeid. Den første faktoren er, som nemt i teorien, kontakt. Og eg meiner at denne faktoren er gjeldane for alle nivåa som Nordahl (2007) skisserer. Å ha kontakt med kvarandre, er like viktig for både foreldre og lærarar. Og informantane understrekar dette fleire gongar. Foreldra seier at noko av det dei likar med den nye, digitale utviklinga, er at det er lettare å få kontakt, og at dei ynskjer å vere aktive samarbeidspartnarar Drugli & Onsøien (2010) seier at når læraren legg godt til rette for samarbeid, blir foreldra meir motiverte og meir aktive samarbeidspartnarar. Den eine lærarinformaten sa tidleg i intervjuet at samarbeid er kontakt, ”(...) at me informerer kvarandre gjensidig, at me kan gjere ting saman av og til, og møtast (...). Viss eg treng hjelp til noko, då kan eg få hjelp av foreldra, og eg reknar med at dei føler at dei kan ta kontakt med meg viss det er noko dei treng hjelp til (L1). Kva ein legg i omgrepet ”kontakt”, varierer frå person til person, og mens eg tolkar L1 slik at han meiner at ein må ha kontakt på den måten at det er ein dialog, der ein anten snakkar saman eller

sender ein beskjed på e-post eller SMS, seier L2 at ”Eg føler jo på ein måte at eg har kontakt med dei gjennom vekeplanane mine, slik at dei får på ein måte stadig informasjon frå meg, men det er akkurat den munnelege kontakten, veit eg ikkje om eg har behov for at er oftare, viss det ikkje er nødvendig (L2). Gjennom intervjuet skjønte eg at L2 synest han har nok kontakt med foreldra, og at han ikkje synest det er vits i å ”presse meir på”, når partane er nøgde. Dessutan er eit organisert samarbeid med heimen tidkrevjande. Likevel er kontakten mellom heim og skule tilstades til ei kvar tid, dersom ein reknar einvegskommunikasjon frå skulen som kontakt. I dette legg eg bruk av heimeside, der også vekeplanen blir lagt ut.

Også foreldra har tankar om det å ha kontakt, og også dei nemner kontakt og informasjon som to viktige einingar som går i kvarandre. ”(...) det skal vere lett for meg å ta kontakt og at eg får den informasjonen eg treng (...) (F3). Eg tolkar dette slik at Drugli & Onsøien (2010) sine faktor stemmer overeins med mitt datamateriale. Kontakt er viktig for begge partar, og det bidrar til at skule-heim-samarbeidet vert oppretthaldt.

### **5.3 IKT si rolle på drøfting og dialog-nivået**

Både foreldre og lærarar peiker på fordelar ved å praktisere eit IKT-samarbeid for å oppretthalde kommunikasjonen mellom heim og skule. Frå foreldra si side er det gjennomgåande at dei synest ting blir enklare. ”(...) det der med å få informasjon heim til foreldra om kva som rører seg på skulen, synest eg er kjempeviktig (...)” (F1). Foreldra påpeiker at borna deira er vekke såpass mange timer i løpet av ein dag eller ei veke at dei likar å få sjå kva som føregår på skulen. Nokre har elevar som ikkje vil fortelje noko og då kan ei godt oppdatert heimeside vere fint. ”No er det enklare, veit du, med både nettet og sms (...), så eg føler for somme, så er det gjerne enklare å få til” (F3). Eg tolkar F3 sitt utsegn dit at bruken av IKT har gjort skule-heim-samarbeidet lettare på den måten at det er enklare å få gitt beskjedar og få informasjon utan at ein treng å anstrengje seg så mykje. At foreldra set seg meir inn i kva som skjer på skulen når informasjonen ligg ute og er open og tilgjengeleg utan at ein treng å leite etter den. Ein annan fordel er at foreldre som til dagleg ikkje bur saman med eleven kan få sjå korleis deler av skuledagen artar seg. L1 seier ”Foreldra kan følgje litt med og sjå litt kva aktivitetane har gått ut på” (L1).

E-post blir av fleire informantar skildra som ”skriftleg”, og tolkar dette som at dei reknar dette digitale verktøyet som meir formelt enn til dømes SMS. E-post er også brukt på informasjonsnivået, men dialog mellom partane gjer seg gjeldane når e-posten vert tatt i bruk. Ein av foreldreinformantane seier om e-post ”Og det fungerer kjempefint, så då veit du i alle fall, då får du dokumentert kva du har sendt avgårde og kan dokumentere svaret som du får tilbake igjen. Så på den måten kan du sei at det kan nok vere betre i framtida viss du kan bruke enten meir SMS eller enda meir e-postar (...) (F4). L2 trur at bruk av digitale verktøy som SMS og e-post gjer det lettare å ta kontakt og at det ikkje blir så ”skummelt” som å ta ein telefonsamtale. ”Det er liksom meir seriøst, meir alvorleg , det kjennest i alle fall meir alvorleg enn e-post. Ja, det kan nok gjera kommunikasjonen raskare og betre mellom heim og skule, det trur eg” (L2).

### **5.3.1 Dialog på gitte premisser**

SMS er eit digitalt verktøy som fungerer så lenge partane er einige om korleis og kva tid dei kan bruke det. ” (...)då tenker eg jo at ein får fort kontakt og så treng ein ikkje vere til stades når meldinga kjem (...) då kan ein jo svara når ein har tid sjølv eller spør når ein har tid sjølv og få svar tilbake innan rimeleg tid” (F2). Eg tolkar dette dit at informanten synest at SMS fungerer fordi eg sjølv kan styre kva tid ein ynskjer å svare på eventuelle spørsmål og henvendingar. Når telefonen ringjer føler ein seg gjerne meir forplikta både til å svare og til å ta ein samtale. Dessutan kan ein slik samtale fort ta meir tid enn ein hadde tenkt. Fleire foreldre og lærarar har gjerne avtalar om at det skal sendast korte rapportar anten dagleg eller kvar veke når det gjeld enkeltelevar. Som den eine lærarinformatanten påpeiker

*For viss eg skulle tatt ein telefon kvar dag eller kvar veke, det går nesten ikkje an. Du har ikkje kapasitet til det. Det er ikkje ressursar til det i systemet. Men å sende ei melding, det er fort gjort, og så får foreldra vite at, ja, denne dagen har gått bra. Sånn kan dei vite før eleven kjem heim og har han ikkje gått bra, så er det godt for foreldra å førebu seg på det (L1).*

Ein forelder har tankar om at det også kan blir litt for lett å sende SMS, at ein ikkje har den same bøygen som når ein må telefonen og snakke. Då glir ein fort over i ein dialog, som sjølvsagt er ynskjeleg i dei fleste tilfelle, men nokre gongar er det kanskje berre informasjon ein er ute etter, og ikkje ein lang samtale. Informanten meiner at dei fleste skjønar dette, men at det kanskje kan vere lurt å avklare kva som er greitt og ikkje. Foreldreinformantane er einige om at det å sende SMS ved fråver fungerer veldig bra, ”(...) er dei sjuke ein dag, send melding på morgonen i staden for å ringja, for det blir så

masse. Får du fatt i rett person? Så veit læraren” (F4). Dette har også lærarane understreka at dei synest fungerer godt, men begge partar understrekar at dei ynskjer å fortsette å ha den kontakten der dei kan snakke saman og sjå kvarandre. ”(...) men eg vil jo helst òg ha den kontakten med læraren heilt fysisk eller sånn kommunikasjonsmessig sånn til vanleg, haldt eg på å sei” (F1). Med dette tolkar eg det slik at F1 ikkje meiner at det eine utelukkar det andre, og at det optimale gjerne vil vere å kombinere det tradisjonelle skule-heim-samarbeidet med det nye IKT-samarbeidet.

At det kan vere både fordelar og ulemper ved å bruke IKT i skule-heim-samarbeidet er informantane samde om, mens dei peikar på at det skal ta hensyn til foreldra sine føresetnadjar for eit slikt samarbeid, er dei også samde om at foreldra bør setje seg inn dei digitale verktøya som er tilgjengelege for å oppretthalde eit solid samarbeid mellom heim og skule.

*Nå i desse tider så bør jo foreldre og på ein måte setta seg litt inn i det i alle fall. Tida tilseier jo at meir og meir føregår via internett og såne ting, og eg trur det blir vanskeleg for dei foreldra som på ein måte ikkje klarer å henge med på det framover. Men eg synest jo ikkje at det skal vere eit krav til foreldra (...) så det kan jo ikkje bli det viktigaste, det må jo gå an å ringja til folk viss det er noko, eller informera om ting eller senda lappar heim. Me kan ikkje berre stole på informasjonen på internett (F1).*

Her synest eg informanten gir viktig informasjon ved å vise at samtidig som han ynskjer å ha eit IKT-samarbeid, må ein ikkje berre binde seg til dette. Og her er viktig å poengtere, det ser ikkje ut til at informanten tenkjer at å snakke i telefonen er IKT. Han knytar automatisk bruk av telefon til det tradisjonelle skule-heim-samarbeidet. Ingen har påpeika at telefon ikkje er ein del av eit IKT-samarbeid. Likvel, informanten er i utgongspunktet er positiv og meiner at foreldra bør sette seg inn i bruken av digitale verktøy, samtidig som han seier at ein ikkje kan stole blindt på informasjon over internett. Eg tolkar dette som at ein enda ikkje har klart å få til eit optimalt IKT-samarbeid, der ein har full tru på den nye teknologien. Til tross for at informanten er relativt ung, ser det ut til at han ikkje vil ha anten den eine eller andre forma for samarbeid, men ein kombinasjon.

For å få til eit fruktbart IKT-samarbeid må også lærarane vere villige til å få dette til. Kanskje må dei ha visse eigenskapar eller føresetnadjar også. Eg spurte alle informantane mine om deira tankar rundt dette, og fekk forholdsvis klare svar. Lærarane

må inneha kunnskap om IKT for å kunne nytte det på ein god måte i skule-heim-samarbeid. Å ha eit godt, organisert samarbeid med heimen er tidkrevjande, og det er fort at det blir slik at ein berre tek det opp ved behov, seier den eine lærarinformatanten.

Å ha kunnskap om korleis ein skal møte foreldra i forskjellige situasjonar, uavhengig av IKT var det første begge informantane peika på. Å vite korleis ein skal ta opp vanskelege tema og kunne føre ein fruktbar samtale. For å kunne ha eit IKT-samarbeid som strekkjer seg utover det første informasjonsnivået, og vidare til dialog og drøfting, må ein kunne bruke digitale verktøy til anna enn å skaffe seg informasjon. Når det kjem til IKT-bruk i skule-heim-samarbeidet, så må ein ”vere komfortabel med det reint tekniske og ikkje stresse for å bruke e-post og sanne ting” (L2). Eg tolkar L2 slik at han meiner at ein lærar som ynskjer eit IKT-samarbeid med foreldre, må ha dette som noko integrert i arbeidet sitt. Ikkje noko som ein stressar seg opp over og som blir noko ein må gjere i tillegg til alt det andre. L1 synest at å ha eit fokus på å bruke IKT i skule-heim-samarbeidet fort kan føre til mykje arbeid. Dette gjeld særleg klassen si heimeside. Læraren synest det er viktig at denne heile tida er oppdatert og seier ”altså det tar mykje tid fordi det ofte er problem med nettet. Skal eg legge ut biletet eller legge ut noko som skal skrivast, eg ser det tar tid (...)" (L1). At ting tar tid, kan ha med fleire ting å gjere. Kanskje har skulen litt tungvinte løysingar, kanskje er heimeside-malen litt utdatert, eller kanskje har ikkje læraren nok trening å gjere dette på ein kjapp og enkel måte. Dersom ein synest at ting blir litt strevsame, så trur eg det er ein naturleg reaksjon å legge det til sida og ikkje la det få høgaste prioritering. Men då blir kanskje utviklinga av IKT-samarbeida råka på ein negativ måte? Det vil sannsynlegvis vere vanskeleg å ta samarbeidet vidare til dei neste nivåa, når læraren synest at det å gi informasjon er krevande. Og det er vel med IKT som med alt anna, dess meir ein bruker det og arbeider med det, dess flinkare blir ein og då blir det jo lettare også. L2 seier, ”Ein må inneha evna til å vurdere kva som er teneleg” (L2). Eg tolkar dette som at, ein som lærar, heile tida må vurdere kva verktøy ein ynskjer å bruke til ei kvar tid. Kva er lurast å bruke for å nå det og det målet. Nokre gonger er det kanskje greiast å ta ein telefon, mens andre gongar fungerer SMS supert.

Foreldreinformantane legg mykje av ansvaret over på lærarane, og meiner at det er lærarane som må gå føre for å få eit IKT-samarbeid til å fungere. Dei meiner at lærarane må kunne bruke dei verktøya dei har tilgjengeleg, og vere pådrivarar slik at dei påverkar foreldra. ”Altså eg tenker at det må jo vere skulen sitt ansvar at det funker, først og

fremst” (F2). Det vert også peikt på same punkt som L2 peikte på, nemleg å vite kva som er teneleg å bruke til ei kvar tid ”(...) så må dei inneforstå litt det der med kommunikasjon og kva tid me skal bruka kva. Kva tid bruker me IKT og kva tid bruker me eller sant” (F1). Eg tolkar dette som at foreldra synest det er enklare å strekke seg litt ekstra for ein lærar som er tydeleg på at han ynskjer å ha god kommunikasjon mellom heim og skule, og F3 understrekar dette

*(...) men han må jo ha eigenskapar med å kommunisere då. Det blir jo det same kva reiskapar han bruker då, om han bruker den gamle eller den nye måten. Men ein ser jo at kommunikasjonen blir därlegare dersom læraren ikkje er eit datamenneske, sant. (...) så ein må jo følgje med utviklinga dei òg, det er jo viktig at dei heng med i den tekniske utviklinga (F3).*

### 5.3.2 Formalisering av IKT-samarbeidet

Eg spurte også lærarinformantane om dei synest dei ordlegg seg annleis ved bruk av IKT i kommunikasjonen mellom skule og heim. L2 seier at ein gjerne er mindre formell ved bruk av e-post, at ein gjerne ikkje uttrykker seg annleis, men at informasjonen som vert sendt på e-post eller SMS blir korta ned. L1 seier ”Sender du ei melding så tenker du gjerne ikkje så mykje over det. Men eg ser jo at eg representerer skulen, så eg bruker jo ikkje sånne veldig korte ord som eg gjer når eg sender meldingar privat. Så eg skriv jo på ein litt meir formell måte når eg skriv meldingar til foreldra” (L1). Her ser ein at informantane ikkje er helt enige, men dei einast om at ynskjer å vere formell når ein har kontakt med foreldra. SMS blir tydelegvis ikkje rekna som eit formelt medium, men L1 bruker SMS ein god del, og eg trur han meiner at det blir lite forkortingar og dialekt når ein skriv SMS til foreldre. Då ynskjer ein å vere tydeleg og klår, slik at foreldra med ein gong skjønar kva som står og slik at det ikkje er rom for tolkingar av innhaldet.

Både foreldre og lærarar har eit felles ynskje om at e-post skal bli rekna som eit formelt medium, ”Så kan du sei at det kan nok vere betre i framtida viss du kan bruke meir e-post, for då kan du dokumentere det” (F4). Foreldreinformanten viser her til at ein kan lagre og arkivere e-postar på same måte som brev, og ynskjer at meir av kommunikasjonen mellom skule og heim skal kunne gå via elektronisk post. Ein av ulempene som L2 peikar på er at ”(...)det framleis er litt uformelt, men at det blir meir og meir formelt”.

*(...) at det blir eit skriftleg medium, at ein har elektroniske signaturar og at ein kan bruke det (...). For slik det er no, så brukar ein jo, e-post som SMS omtrent, ein bruker det ikkje som eit skikkeleg, skriftleg medium, skikkeleg enda. Ein skriv*

*alltid skriftelege, skikkelege brev når det går til heimen, viss det er nokon sånne spesielle ting. Ein skulle på ein måte formalisert e-posten slik at dei blei det naturlege, skriftelege måten å henvende seg til foreldra eller andre vegen (L2).*

Vidare seier L2 at ”(...) men e-post er jo så vanleg no at det hadde vore fint om det var like innarbeida å ta inn e-postadresser som det er å ta inn telefonnummer” (L2). Dette vil gi eit klima der ein kan fremje ulike synspunkt og det vert lettare å få eit IKT-samarbeid der dialogen er framtredande.

Om ein ser tilbake på kva Nordahl (2007) rekna som uformelt IKT-samarbeid, ser ein at det er stort sett dette som er gjeldane i dei aktuelle IKT-samarbeida. Både nettsider, e-post og vekeplan vert rekna som uformelle samarbeidsformer fordi dei ikkje er formalisert og gjeld alle. Likevel, det eksisterer også formaliserte IKT-samarbeid. Dette viser ser til dømes der lærarar og foreldre har ein avtale om at dei skal senda SMS til kvarandre på gitte tidspunkt jmf. L1.

### **5.3.3 IKT-samarbeid og gjensidighet**

Drugli og Onsøien (2010) sin neste faktor som er viktig for eit godt skule-heim-samarbeid, er ”gjensidighet”. Eg vel å samanlikne dette med Nordahl sitt andre nivå, der dialog og drøfting er hovudmomenta. For å få til dette, må det vere ein gjensidighet mellom dei to partane. Her inngår likeverd mellom dei to partane som svært sentralt. Eg får inntrykk av at foreldra har moglegheit til å uttale seg i alle samanhengar, men at dei fleste vel å la vere. Å bruke IKT i kommunikasjonen mellom heim og skule, er det lærarane som har tatt initiativ til, men dei foreldra som ikkje ynskjer ein slik type samarbeid, har moglegheit til å føre det meir tradisjonelle samarbeidet. Lærarane seier at dei ikkje kan gå ut å seie at no SKAL alle bruke digitale verktøy i kommunikasjonen, fordi det også framleis er dei som ikkje bruker desse, har tilgong eller ynskjer å bruke IKT. Vil ”gjensidighet” sei at partane skal stå heilt likt? Ja, seier Drugli & Onsøien (2010) som seier at det skal vere likeverd mellom partane i eit skule-heim-samarbeid. Bruk av IKT kan vere ein måte å arbeide mot dette målet på. Foreldre og lærarar har gjensidig ansvar for å informere kvarandre om eleven, både sosialt og fagleg. Vidare skal også læraren kunne svare foreldra når dei ynskjer å vite korleis dei best kan hjelpe borna sine.

I LK06 står det at det skal vere gjensidig ansvarsfordeling mellom foreldre og heim, men at det likevel er lærarane og skulen som skal ta initiativ og legge til rette for

samarbeidet. Eg tolkar informantane mine slik, at dette stemmer i praksis. Og det er lettare å gi gjensidig informasjon no når dei kan bruke SMS og e-post.

### **5.3.4 Positiv kontakt på alle nivå**

Den tredje, og siste faktoren Drugli & Onsøien (2010) skildrar er ”positiv kontakt som basis”. Denne faktoren passar inn i alle nivåa som Nordahl (2007) skisserer. Eg trur at det er viktig å ha positiv kontakt som basis, og at det då vil vere lettare å få til eit reelt samarbeid. I dette vert det lagt at foreldra ikkje skal få negative kjensler når dei har kontakt med skulen, fordi jamn positiv kontakt gjer det enklare å snakke om borna, særleg dersom det skulle oppstå vanskelegheiter. Dette understrekar også L1 ”Eg hadde aldri, hadde det skjedd noko negativt, at ein elev hadde fått gjort noko gale på skulen, som eg hadde snakka om eleven om og som eg ville informera foreldra om, så hadde eg aldri sendt ei melding om det, då hadde eg ringt. Og gått inn og tatt ein skikkeleg telefon” (L1). L1 seier at negative bodskap bør verte fortalt munnleg. Eg tolkar dette slik at ein ynskjer å unngå misforståingar, men også at dersom det er noko utanom det vanlege, så bør ein også høyre foreldra sin reaksjon, og det er ikkje like enkelt ved bruk av digitale verktøy som SMS og e-post. Det kan gjerne vere slik at foreldre og lærar ikkje har så mykje kontakt dersom det ikkje er for å diskutere problem som angår eleven. Og som L2 sa, så lenge det ikkje er noko særskilt så treng ein ikkje å ha så mykje kontakt. L1 seier at han forsøker å ha kontakt med foreldra når det ikkje er noko spesielt han treng å ta opp også. Ved å vere flink til å legge ut informasjon på heimesida, vert positive opplevingar sett fokus på. Her vil L1 aldri funne på å lagt ut noko som kan tolkast negativt, i alle fall ikkje med vilje.

### **5.4 Det tredje nivået, medverknad og medbestemming**

Her understrekar mi forsking det som andre allreie også har funne ut, nemleg at det er vanskeleg å få til eit sannferdig samarbeid, der foreldra kan påverke og vere med å bestemme. Når ein les retningslinjene frå departementet og ser på det som står i LK06, ser ein at det er her målet ligg. Kva som er grunnen til at IKT-samarbeidet ikkje klarer å nå opp til dette nivået, er vanskeleg å seie. Dersom ein legg til grunn det inntrykket eg har fått av skule-heim-samarbeidet på generell grunn, vil eg sei at samarbeidet kanskje har moglegheit til å strekke seg inn i dette nivået, men ikkje på grunn av IKT-bruken. I alle fall ikkje slik det ser ut no. Telefon er eit verktøy som informantane synest er greitt å bruke, foreldra ringjer gjerne til læraren for å snakke eller avtale noko, og det same gjeld andre vegen. Eg har ikkje grunnlag for å seie at informantane ikkje har moglegheit

til å få til eit samarbeid på Nordahl (2007) sitt høgaste nivå, fordi eg trur grunnlaget er der. Som informantane påpeiker, så har dei eit godt forhold til kvarandre og foreldra er ikkje redde for å ta kontakt med skulen dersom det er noko ”altså eg har alltid følt at det ikkje er noko problem å ta kontakt med skulen for meg, viss det er noko eg lurer på, men så har eg alltid vore sånn ring til meg viss det er noko og det er betre at eg får vite om det enn i ikkje vite” (F1).

Slik eg ser det, vert det altså nødvendig å stille seg spørsmålet om bruken av IKT er så innarbeidd at den fungerer i samarbeidet? Eg sit att med kjensla av at foreldre og lærarar framleis føler seg tryggast ved å snakke i telefonen, og at dei andre digitale verktøyen blir meir som tilleggsverktøy. Skule og heim skal ha eit samarbeid, og samarbeidet skal vere slik at foreldra har innverknad på læringsmiljøet og skulen (LK06,34-35). Det datamataterialet eg har samla inn, ber preg av at det framleis er eit stykke att før IKT-samarbeidet fungerer optimalt. Så lenge det er slik at foreldre og lærarar eg nøgde med dei obligatoriske møta i året, eller ikkje er truverdige med teknologien, vil det vere vanskeleg å få til eit godt IKT-samarbeid mellom heim og skule.

## 5.5 Oppsummerande drøfting

Informantane er opptatt av at samarbeid må inneha dialog og god kommunikasjon. Foreldra forventar at lærarane informerer og tek dei med i diskusjonane rundt deira ungar, og lærarane forventar at foreldra følgjer opp borna og at dei er trulege med kvarandre, samt at dei formidlar ei positiv haldning til skulen. Fleire av informantane peiker også på at ungane blir fråtatt litt ansvar dersom all kommunikasjon går utanom dei. ”At ansvaret som ungane få får er mindre. Før var det sånn at denne lappen må du gi til mor di og far din. Nå er det kanskje ikkje sånn. Det er jo på ein måte sånn kanskje, det blir litt meir lettvint for ungane, men for vår del, så synest eg det absolutt er positivt”(F1). Både foreldre og lærarar understrekar det Skovhold & Svenning (2008) seier, at bruk av e-post og SMS fører til at ein kan svare og forhalde seg til informasjonen når det passar den einskilde, og dette synest informantane fungerer.

Eg ser utfordringar når det gjeld dialog ved bruk av digitale verktøy. Eller kan ein sei at dialog ikkje nødvendigvis treng å bety at ein verbalt snakkar saman, men at ein har kontakt som fører til at begge partar blir hørt? Kanskje treng ikkje dialog å vere tale, men inngå all slags kommunikasjon, så lenge det er ein kommunikasjon som går både frå skulen til foreldra og frå foreldra til skulen. Forholda som gjeld elevane vert drøfta

på møter eller på telefon. Men kanskje treng ikkje det eine utelukke det andre? Foreldre og lærarar ytrar bekymringar når det kjem til bruk av e-post. Dei meiner dette ikkje er formelt nok, eller ikkje sikkert nok til at dei kan sende informasjon om elevane til kvarandre. Eg synest det kan vere viktig å tenkje på kva ein kan gjere for å endre denne haldninga. L2 har eit godt poeng når han nemner elektronisk signatur, dette kan vere med å gjera folk tryggare på e-posten som formidlingsmedium. Elles vil eg nemne at bruk av læringsplattformar som It's Learning og ClassFronter kan vere hjelpemiddel for å få til meir dialog ved bruk av IKT. Då foreldra frå eigen tilgong og ha moglegheit til å sende meldingar til lærarane, samt sjå beskjedar og anna som blir lagt ut. Kor mykje foreldra vil ha tilgong til, er opp til skulane å bestemme.

I det følgjande vert det diskutert at det er lærarane som sit med makta, at foreldra kanskje må ta meir ansvar, at det er ting ein helst vil diskutere munnleg og at foreldra ynskjer meir kunnskap.

### **5.5.1 Lærarane sit med makta**

Slik eg tolkar informantane sine utsegn, så er også det andre nivået aktuelt i dei IKT-samarbeida eg har studert. Dette skil seg delvis frå Nordahl (2003) si forsking, som viser at reell dialog og drøfting mellom skulen og foreldra er lite til stades. Det siste nivået altså tek føre seg medverknad og medbestemming. På direkte spørsmål svarar foreldreinformantane at ikkje synest dei kan påverke det pedagogiske på nokon måte, og dei trur ikkje at IKT på nokon måte kan vere noko hjelpemiddel her. Dei seier dei kan spørje om korleis dei best kan hjelpe sitt born når det gjeld den skulefaglege utviklinga, men at dei ikkje nødvendigvis har noko dei skulle ha sagt i forhold til dei praksisane som eksisterer. Foreldra understrekar at dei er nøgde med det skule-heim-samarbeidet dei har, og at ting berre har blitt lettare etter kvart som ein har tatt i bruk IKT. Dei nasjonale føringane for skule-heim-samarbeid seier at foreldra skal kunne i vareta foreldreansvaret og at opplæringa av borna skal skje ved eit samspel mellom foreldre og lærarar. Slik eg tolkar datamaterialet mitt, så ser det ikkje ut til at foreldra synest dei kan påverke det som skjer på skulen, men dei kan påverke det sosiale blant elevane utanfor skulen. Foreldra kan avvikle sosiale samankomstar, der lærarane deltar. Likevel ser det ut til at mi forsking viser det same som til dømes Nordahl (2003, 2007), Sletten et al (2003) og Ericsson & Larsen (2000), nemleg at foreldra synest at det er lærarane som sit med makta, dei kan bestemme korleis undervisninga skal føregå, og at foreldra ikkje kan påverke dette. Foreldra kan seie meininga si, og dei vert høyrt, men dei trur ikkje at

det vil få konsekvensar. Å bruke IKT i skule-heim-samarbeidet vil ikkje endre på dette, foreldra er nøgde med at dei har ein open dialog og god kommunikasjon både ved å bruke nye, digitale verktøy, men også ved å halde på sider av det tradisjonelle samarbeidet.

Både Lyngvær (2008) og Nordahl (2003, 2007) seier at for å få til eit godt skule-heim-samarbeid, er det avgjerande om lærarane ser på foreldra som ein ressurs i skulen eller ikkje. Når eg ser på IKT-samarbeida min studie, synest eg at det er klart at lærarane meiner at foreldra er gode ressursar, men at dei kanskje ikkje er klar over at det er dei som lærarar som må pushe på for at foreldra skal engasjere seg litt ekstra i IKT-samarbeidet.

Mi forsking understreker vidare det Lyngvær (2008) seier om lærarane, nemleg at når dei ser behovet for at foreldra er deltakarar i eleven sin skulesituasjon, kan både elevar og lærarar nå sine mål.

Når eg studerer datamaterialet mitt, undrar eg meg på om det Sand (2009) seier om at lærarar som kjenner foreldra møter dei med meir respekt og positiv haldning. Eg trur at dette kan stemme i dette kasuset. Undersøkinga er gjort i ei bygd, og sjølv om ein gjerne ikkje kjenner kvarandre veldig godt privat, så veit ein om kvarandre og kan treffast tilfeldig. Derfor trur eg at lærarane gjerne engasjerer seg ekstra i foreldra og arbeider for å oppretthalde eit godt og positivt forhold til desse. Ein kan ikkje skjule seg på ein liten stad, og det ein gjer i jobbsamanheng, vert meir opent for resten av bygda. Likeeins kan ein sei at eg har ein slags relasjon til informantane mine. Eg trur ikkje at dette har påvirka forskinga mi, men ein veit aldri.

I LK06 står det også at skulen og heimen har gjensidig ansvar for eleven, men at det er skulen som skal legge til rette for samarbeidet (LK06, Generell del, s.17). Dette gir også foreldreinformantane uttrykk for. Dei meiner at skulen skal gå føre og leia an eit IKT-samarbeid. Eg får inntrykk av at det foreldre og lærarar har eit godt forhold og eit klima der dei kan ytra eigne meininger. Dersom foreldra ikkje hadde vore interessert i å bruke IKT i skule-heim-samarbeidet, hadde dei turt å sei i frå. For at eit samarbeid skal vere på nivå to jmf. Nordahl (2007), må det vere sannferdig kommunikasjon mellom lærarar og foreldre om det som angår eleven, undervisninga, læringsmiljø og utvikling. Ein må også kunne fremje ulike synspunkt. At kommunikasjonen som føregår er sannferdig, uttrykker informantane einstemming.

Slik som verda utviklar seg, ser ein at det er naudsynt for lærarar å utvikle den digitale kompetansen sin. Norsk skule er i ei særstilling ved at det er så stort fokus på digital kompetanse i læreplanen. Elevane skal bli digitalt dyktige, og då må også lærarane innehå ein viss digital kompetanse for å nå måla om digital kompetanse i alle fag. Dette er også foreldreinformantane opptatt av ”Og dei må jo kunne mykje for å klare å, for elevane er jo så oppdaterte sjølv no, at det blir jo litt for dumt dersom lærarane ligg langt etter (...)” (F3). Foreldra krever at lærarane har digital kompetanse, slik at elevane deira lærer det dei skal. ”Så eg synest lærarane bør ha *god* kompetanse når det gjeld data og godt innsyn når det gjeld kva dataverda eigentleg er ”(F4).

### **5.5.2 Kanskje må foreldra ta ansvar?**

Dersom ein ser på undersøkinga som Senter for IKT i utdanninga (2011) har gjort, er det tydeleg at desse oppfordrar til å bruke IKT, også i skule-heim-samarbeid. Dei påpeiker at bruk av læringsplattformar kan vere eit hjelpemiddel i kommunikasjonen i skulen, og eg trur at dersom informantane mine hadde fått til eit system der læreplattformar hadde blitt ein del av samarbeidet dei i mellom, så ville IKT-samarbeidet kunne nå Nordahl (2007) sitt tredje nivå, og foreldra ville ha ein moglegheit til oppnå medverknad og medbestemming. Kanskje vil det då bli lettare å komme med tilbakemeldingar til lærarar og skulen når dei kan få tilgang til ein del av den informasjonen elevane får, som dei som foreldre tidlegare ikkje ville hatt tilgang til? At foreldra då får eit betre innblikk i skulekvardagen og den pedagogiske praksisen, og dermed blir det lettare å danne seg ei mening, og også å kunne gi tilbakemeldingar. Kan det vere slik at ein grunn til samarbeidet ikkje når det tredje nivået, rett og slett er at foreldra ikkje har nok kunnskap om den pedagogiske praksisen som føregår i klasserommet? At dei ikkje har oversikt over det elevane gjer, og at dei stolar på at lærarane lærer elevane det læreplanen seier.

Alle er einige om at det er viktig at skulen har eit reelt og sannferdig samarbeid med heimen, så kvifor er det så vanskeleg å få til medverknad? Hjelper teknologien me no har tilgjengeleg? Eg ser på datamaterialet mitt, og ser at informantane har delte meininger. Dei fleste synest at heimesida er ein god informasjonskanal, og SMS er fint til korte beskjedar. Men eit samarbeid er jo meir enn det, men det er likevel skulen som legg premissane for samarbeidet. Mine foreldreinformantar henviser til kva læraren har sagt, og prøver å følgje opp dette. Det same seier Nordahl (2007), og han påpeiker at moglegheitane for medverknad i skulen er avgrensa fordi det ikkje kan føregå via

informasjon frå skulen til heimen. Og som eg har vist, så er det her hovudvekta av IKT-samarbeidet ligg, nemleg ved informasjon til og frå skule og heim. Så slik det er i mi undersøking, synest eg ikkje at teknologien berre er til hjelp for å få til eit best mogleg skule-heim-samarbeid, så lenge det lærarane synest bruk av digitale verktøy er tidkrevjande og dei ikkje stoler heilt på dei teknologiske løysingane dei har til råde, vert grunnlaget for eit IKT-samarbeid svekke. Kanskje er det foreldra som må ta tak i dette, i alle fall så lenge dei er genuint interessert i å ha denne typen samarbeid. Men for at det skal bli meir enn eit informasjons-samarbeid, må ein utvikle seg og våge å satse på å bruke andre verktøy enn telefonen. Kanskje vil foreldra bli meir aktive når det vert satsa på IKT? Eg tolkar foreldreinformantane mine slik at dei er opne for ein ny type samarbeid, men at det er skulen som må ta initiativet.

Foreldra kunne tenke seg enda meir kommunikasjon, sjølv om dei også er nøgde med den nåverande ordninga. Ein av lærarinformantane seier at når ein ikkje veit om foreldra til dømes les det som står på heimesida, så er det også mindre motiverande å bruke tid på holde denne oppdatert. Eg trur at foreldra kan verte flinkare til å gje tilbakemeldingar her, slik at lærarane ser at dette bidrar til å halde kommunikasjonen mellom institusjonane god.

Ein av lærarinformantane seier at han trur at om nokre år så vil det ikkje vere mange foreldre som ikkje er komfortable med å bruke digitale verktøy i nokon samanheng, og at det dermed vil bli lettare å implementere bruken av IKT i skule-heim-samarbeid. For nokre foreldre kjennest kanskje internett, data og SMS framleis nytt og dei er ikkje heilt ”inne i det”. Då kan det fort bli eit hinder i samarbeidet dersom dei vert pålagt å ha mesteparten av kommunikasjonen mellom heim og skule via digitale verktøy. Då vil ikkje desse foreldra bli meir aktive i samarbeidet, mens dei foreldra som synest dei har god digital kompetanse, vil dra nytte av samarbeidet på andre og nye måtar.

### **5.5.3 Nokre ting vert diskutert munnleg**

Lærarane eg intervjuva ville også gjerne poengtere at det er nokon ting dei aldri kjem til å bruke IKT til.”Ja, eg diskuterer jo ikkje elevane sine, viss det skulle vere noko som er taushetsbelagt” (L2). Slike emne blir alltid diskutert munnleg, anten i telefonen eller på eit møte. Skriftelege brev er også vanleg å senda heim til foreldra, men då brukar ikkje informantane IKT. L2 seier at dersom han ynskjer å ta opp noko sensitivt, sender han gjerne ein e-post og ber om ein telefonsamtale. ”Ein IOP kan eg ikkje sende på nettet til

nokon” (L1). Eg tolkar dette som at dei ikkje stoler på digitale verktøy på same måte som dei stoler på det som er skrive på papir og lagra manuelt. Dei er redde for at sensitive opplysningar skal komme på avveie. Lærarane bruker datamaskina som ein skrivereiskap, men ikkje som eit formidlingsreiskap, så dei seier at dei ikkje kan sende noko sånt som til dømes e-post. ”Hadde det skjedd noko negativt, at ein elev hadde gjort noko gale på skulen, som eg ville informera foreldra om, så hadde eg aldri sendt ei melding om det, då hadde eg ringt” (L1). L1 seier her at han ville aldri formidla eit negativt bodskap via eit digitalt verktøy som e-post eller SMS. Eg tolkar dette tilbake til det å bli misforstått og framstå mest mogleg tydeleg for foreldra. Det skal vere rom for diskusjon og samtale. Alle informantane er tydelege på at dei ynskjer ein dialog mellom

#### **5.5.4 Foreldra ynskjer meir kunnskap**

Ein av foreldreinformantane kunne tenkt seg å lære meir om det å bruke IKT i skuleheim-samarbeid. ”Det er jo på ein måte å kunne bruke det, dra seg nytte av det sånn som det er tenkt” (F2). Det vert også sagt at når ein først har tatt seg bryet med å gå inn på skulen si heimesida, så forventar ein som forelder at klassen si side er oppdatert, ”(...) sånn at når ein går inn på skulen si side, så finn ein, at det er lett tilgjengeleg det som ein skal ha tak i. Om det så er vekeplanar eller opplysningar om møte eller kva det er” (F2). At foreldra ynskjer oppdaterte heimesider, tyder jo på at dei også synest at dette er kjekt og informativt. Ein annan foreldreinformant fortel om at leksene har endra seg litt i det siste, ”dei fortel jo om internetsider og sånn, at du kan finne ut av ting der. For eg ser ofte at dei kjem heim med ark som dei skal fylle ut, så er det ikkje noko forklaring. Eleven skulle vel ha fått det med seg i timane, men tidlegare var det gjerne meir bøker der ein kunne leite det fram (...)” (F3).

#### **5.5.5 Avslutande kommentar til analysen**

Foreldreinformantane seier det aldri er problem å få til eit møte eller ein samtale dersom dei ynskjer det. Lærarinformantane seier det same, men eg synest det er interessant at informantane, som seier dei er så nøgde med at alt er blitt så lettvindt, ikkje føreslår å endre praksisen med å ringje til kvarandre når det er noko. Kanskje kan det vere fordi dei er redde for misforståingar. Det er framleis litt framand når ein ikkje kan sjå og høre den ein kommuniserer med, og nokre ynskjer helst å halde seg til det tradisjonelle samarbeidet. Likevel, som L2 påpeiker, den generasjonen som gjerne synest IKT er vanskeleg og litt skummelt, har snart ikkje ungar i skulen. Kanskje blir det berre meir

og meir indoktrinert at digitale kommunikasjonsverktøy er det ein bruker til å halde kontakten mellom skule og heim.

## **6.0 Konklusjon**

Målet med denne oppgåva var å undersøke korleis lærarar og foreldre opplever og praktiserer IKT i skule-heim-samarbeid. Eg ynskjer å presisere at funn og tolkingar må bli sett i samanheng med tidlegare forsking og teori rundt skule-heim-samarbeid og bruk av IKT i skule-heim-samarbeid.

Det inntrykket eg sit att med er at informantane i det store og heile har eit positivt syn når det kjem til å bruke IKT i kommunikasjonen mellom heim og skule. Når eg seier dette er det med etterhald om at dei fleste informantane ser på informasjon og dialog som det viktigaste i samarbeidet, ikkje nødvendigvis medverknad og medbestemming. Foreldra synest at det å kunne sende SMS og e-post har gjort samarbeidet lettare og ein treng ikkje vere redd for at ein til dømes ringjer når det ikkje passar. Ved å bruke digitale verktøy, kan ein svare når det passar. Heimesida fungerer godt som informasjonskanal, så lenge den er oppdatert. Foreldra set pris på å kunne gå inn her og hente informasjon og lese om kva elevane held på med, men seier at dersom det blir forventa at dei skal inn å lese der, må informasjonen vere lett tilgjengeleg.

Informantane påpeiker at det framleis er foreldre som har barrierar med tanke på å bruke digitale verktøy, kanskje trur dei at ein treng å ha ein spesifikk kompetanse. Dei oppfordrar lærarane til å legge enda betre til rette for eit IKT-samarbeid og ynskjer at lærarane skal gå i bresjen for å få dette til. Foreldra understrekar at dei ynskjer lærarar med god kompetanse innanfor IKT, både for elevane sin del og for skule-heim-samarbeidet sin del.

Det kan sjå ut til at den typen av digitale verktøy som vert brukt, kan ha ei betydning for intensiteten på samarbeidet. Dette er i samsvar med Rune Karlsen (2006) si forsking. Foreldra synest at SMS er gir det mest optimale samarbeidet, då får dei fort ut beskjedar og informasjon, samt kjapt svar tilbake. Lærarane er einige, i tillegg ynskjer også nokre av foreldra og lærarane å bruke meir e-post i samarbeidet. Eg trur også at ein av grunnane til IKT-samarbeidet i den eine klassen ikkje fungerte så bra, er at samarbeidet ikkje vart formalisert. Både lærarar og foreldre var usikre på kva digitale verktøy dei skulle bruke til å kommunisere med, og dermed vart det lettare å anten ringa eller sende eit brev. Sidan informantane i det store er nøgde med å bruke IKT i samarbeidet, trur eg at dersom det vart utarbeida klårare linjer for eit slikt samarbeid, ville dei aller fleste nytte seg av det, og det vil fungere slik ein ynskjer.

Når det gjeld Nordahl (2007) sine tre nivå i skule-heim-samarbeid, så konkluderer eg med at desse kan vidareførast til eit IKT-samarbeid. I dei aktuelle samarbeida i denne oppgåva, synest eg at det første og lågaste nivået i samarbeidet er nådd.

Det neste nivået, som inneber sannferdig drøfting og kommunikasjon, er også nådd til ei viss grad. Både foreldre og lærarar uttaler at dei har ein god kommunikasjon der ingen av partane er redde for å ta opp spørsmål. Om denne gode kommunikasjonen er på grunn av IKT-bruk trur eg ikkje, mitt inntrykk er at foreldre og lærarar har eit ok forhold, og at det er grunnen til at ingen av partane gruar seg for å kommunisere med den andre parten. Når ein har eit så godt grunnlag, burde det vere mogleg å kunne utvikle IKT-samarbeidet dersom ein ynskjer det.

Det tredje nivået Nordahl (2007) peiker på er medverknad og medbestemming. Lærarinformantane seier lite om dette, anna enn at dei ynskjer å ha ein dialog med foreldra, og dermed tolkar eg dette slik at dei ynskjer å høyra foreldra si mening. Foreldra på si side synest ikkje dei har noko innflyting på skuledagen og den pedagogiske tilrettelegginga. Dei stolar på at elevane fylgjer pensum og lærer det dei skal, og trur ikkje at bruk av IKT vil endre på dette. Dei har foreløpig ikkje opplevd det slik. Dei synest dei får eit betre innblikk i skuledagen til elevane, men kan, eller ynskjer ikkje, å legge seg så mykje bort i det. Det ser altså ikkje ut til at desse IKT-samarbeida har nådd det øvste målet, til tross for at informantane ser ut til å vere nøgde med det samarbeidet dei har. Det er mi mening at bruk av læringsplattformar, der foreldra har tilgong til beskjedar, materiale og oppgåver som vert lagt ut til elevane, kan vere med å gi eit betre grunnlag for foreldra til å uttale seg om den pedagogiske praksisen ved kvar skule, og dermed kanskje også få ei høgare røyst og gjere det enklare for dei å kunne påverke og ha ei medverking i skulekvardagen.

## 6.1 Vegen vidare

Eg sa innleiingsvis at eg ikkje har noko mål om å kunne generalisere funna mine. Dette held eg fast ved, og meiner at sjølv om ein nok kan trekke linjer og sjå felles trekk med IKT-samarbeid andre stadar, meiner eg at dei funna eg sit att med, stort sett kun er gjeldane for dei IKT-samarbeida eg har forska på.

Aktørane i skulen ynskjer å skape eit godt samarbeidsklima, slik at elevane får mest mogleg oppfølging og opplæring. Eg synest at undersøkinga mi er eit viktig bidrag til den vidare forskinga på bruken av IKT i skule-heim-samarbeid, og eg ser at ønsket om å

få eit optimalt samarbeid er der, men lærarar og foreldre ikkje heilt har klårt føre seg korleis dei skal få dette til. Dei ynskjer eit samarbeid som ikkje blir kjenneteikna av informasjon, men deltaking og moglegheit til påverknad.

Avslutningsvis ynskjer eg å sei litt om kva ein kan ha fokus på ved vidare arbeid rundt temaet. Dersom ein ynskjer å kunne generalisere, kan ein ha ei større, kvantitativ undersøking. Forske på fleire skular der IKT-samarbeid allereie eksisterer. Då kan ein gå djupare inn på kva som skal til for å få eit IKT-samarbeid til å fungere på best mogleg måte. Ein kan sjå på kva som skal til for at eit IKT-samarbeid mellom heim og skule skal bli formalisert. Det vil også vere interessant å sjå korleis ein kan utvikle bruken av læringsplattformar til å inngå i eit foreldresamarbeid, då vert det gjerne reist spørsmål rundt etiske dilemma, og dette synest eg kan inndeia til eit nytt og spanande forskingsfelt.

## Litteratur

- Dalen, M. (2004). *Intervju som forskningsmetode: En kvalitativ tilnærming*. Oslo: Universitetsforl.
- Drugli, M. B., & Onsøien, R. (2010). *Vanskelige foreldresamtaler: Gode dialoger*. Oslo: Cappelen akademisk forl.
- Dysthe, O. (2001). *Dialog, samspel og læring*. Oslo: Abstrakt forl.
- Eide, H., & Eide, T. (2007). *Kommunikasjon i relasjoner: Samhandling, konfliktløsning, etikk*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Ericsson, K., & Larsen, G. (2000). *Skolebarn og skoleforeldre: Om forholdet mellom hjem og skole*. Oslo: Pax.
- Erstad, O. (2010). *Digital kompetanse i skolen*. Oslo: Universitetsforlaget
- Erstad, O. (2004). På sporet av den digitale kompetanse. In *Læring: Grunnbok i læring, teknologi og samfunn* ( s. 81-110). Oslo: Universitetsforl.
- Glaser, V. (2000). *Foreldreinnflytelse i skolen: Rettighet, forhandling og kompromiss*. [Oslo]: Universitetsforl.
- Halvorsen, K. (2008). *Å Forske på samfunnet: En innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Cappelen akademisk forl.
- Imsen, G. (2005). *Elevens verden: Innføring i pedagogisk psykologi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Karlsen, R. (2006). *IKT og en døgnåpen skole*. (Mastergradsoppgåve, Høgskolen Stord/Haugesund).

- Kjemsaas, A. K. (2009). *Lærere i møte med foreldre; jeg vil, men kan jeg?: En intervjuundersøkelse med lærere om skole-hjemsamarbeid*. (Mastergradsoppgåve, Diakonhjemmets høgskole).
- Krumsvik, R. J. (2007). Digital kompetanse i kunnskapsløftet. I: *Skulen og den digitale læringsrevolusjonen* ( s. 64-94). Oslo: Universitetsforl.
- Kvale, S., Brinkmann, S., Anderssen, T. M., & Rygge, J. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Lyngvær, G. (2008). *Foreldre i lydige funksjonærer eller ressurs i skolen?: Foreldrenes rolle i skolen i intensjoner og realiteter*. (Mastergradsoppgåve, Universitetet i Oslo)
- Myklebust, J.O. (2002). *Utveljing og generalisering i kasusstudiar*, Norsk Pedagogisk Tidsskrift, vol. 86, no. 5
- Nordahl, T. (2003). *Makt og avmakt i samarbeidet mellom hjem og skole: En evaluering innenfor reform 97*. Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Nordahl, T. (2007). *Hjem og skole: Hvordan skape et bedre samarbeid?*. Oslo: Universitetsforl.
- Opplæringsloven. (2011). *Lov om grunnskolen og den vidaregående opplæringa*. Henta 22. august 2011 fra <http://www.lovdata.no/all/nl-19980717-061.html>

Pedersen, S., Konradi Lassen, U., & Møller Christensen, L. (2006). *E-learning nordic 2006*. Oslo: Rambøll Management.

Postholm, M. B. (2010). *Kvalitativ metode: En innføring med fokus på fenomenologi, etnografi og kasusstudier*. Oslo: Universitetsforl.

Ryen, A. (2002). *Det kvalitative intervjuet: Fra vitenskapsteori til feltarbeid*. Bergen: Fagbokforl.

Säljö, R. (2001). *Läring i praksis: Et sosiokulturelt perspektiv*. Oslo: Cappelen akademisk.

Sand, S. (2009). Samarbeid hjem - skole: Blir alle foreldrene inkludert? In *Skolen og elevenes forutsetninger: Om tilpasset opplæring i pedagogisk praksis og forskning* ( s. 177-191). Vallset: Oplandske bokforl.

Schwebs, T., & Otnes, H. (2006). *Tekst.no: Strukturer og sjangerer i digitale medier*. Bergen: Fagbokforlaget.

Silverman, D. (2006). *Interpreting qualitative data: Methods for analyzing talk, text and interaction*. Los Angeles: SAGE.

Skovholt, K., & Svennevig, J. (2008). Digital kommunikasjon i arbeidslivet. I: *Å Være på nett: Kommunikasjon, identitets- og kompetanseutvikling med digitale medier* (s. 205-220). Oslo: Cappelen akademisk forl.

Skovholt, K., & Svennevig, J. (2008). E-post i arbeidslivet: Fra informasjon til sosial interaksjon og offentlig dokumentasjon. I: *Å Være på nett: Kommunikasjon,*

*identitets- og kompetanseutvikling med digitale medier* (s. 221-244). Oslo:

Cappelen akademisk forl.

Sletten, M. A., Sandberg, N., & Nordahl, T. (c2003). *Samarbeid mellom hjem og skole i videregående opplæring: Behovsstyrte samarbeid - holder det?*. Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.

Somekh, B., Mavers, D. & Lewin, C. (2002), *Using ICT to enhance home- school links. An evaluation of current practice in England*. Henta 22.april 2010 fra  
[http://www.becta.org.uk/page\\_documents/research/ngflseries\\_hs11.pdf](http://www.becta.org.uk/page_documents/research/ngflseries_hs11.pdf)

Steiro, T. (2006). *Bedre kommunikasjon!: Praktiske teknikker og konkrete eksempler for effektiv kommunikasjon*. Stjørdal: Læringsforl.

St.meld. nr. 39 .(2001-2002). *Oppvekst- og levekår for barn og ungdom i Norge*.

Henta fra <http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/regpubl/stmeld/2001-2002/stmeld-nr-39-2001-2002-.html?id=470899>

Thagaard, T. (2009). *Systematikk og innlevelse: En innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforl.

Thrane, K. (2002). *IKT i skole-hjem samarbeid - "tanken har bare ikke slått meg"*. Kjeller: Telenor FoU.

Ulleberg, I. (2004). *Kommunikasjon og veiledning: En innføring i gregory batesons kommunikasjonsteori - medhistorier fra veiledningspraksis*. Oslo: Universitetsforl.

Utdanningsdirektoratet. (2006). *Læreplanverket for Kunnskapsløftet*. Henta 25. mai 2011 fra <http://www.udir.no/grep/Kunnskapsløftet-fag-og lareplaner/>

Vaage, O. F. (2010). Norsk Mediebarometer. Oslo: Statistisk sentralbyrå

Wiedemann, F.( 2005). *Når det settes strøm på skole- hjem- samarbejdet.* Institut for  
Pædagogisk Forskning og Udvikling, Syddansk Universitet Danmark.

## **Vedlegg 1**

### **Spurnad om deltaking ved forskingsprosjekt**

#### **Informasjon til informantar**

Prosjekt: Ei undersøkjing av foreldre og lærarar sin bruk av IKT i skule-heim-samarbeid.

Ansvarleg: Borghild Gullberg Bakka

Rettleiar: Aslaug Grov Almås

Studiestad: Høgskulen Stord/Haugesund, Stord

Studieretning: Mastergradstudie i IKT i læring

Viser til tidlegar kontakt angåande mi masteroppgåve, og spør med dette om deltaking ved mitt mastergradsprosjekt.

Eg er student ved mastergradstudiet IKT i læring ved Høgskulen Stord/Haugesund. Studiet skal avsluttast i juni 2011, og masteroppgåva skal vere ferdigstilt innan utgongen desember 2011. Bruk av IKT i skule-heim-samarbeid er eit spanande felt fordi det er relevant på alle alderstrinn i grunnskulen.

I denne samanheng er eg opptatt av **korleis bruk av IKT kan vere med å realisere eit godt samarbeid mellom skule og heim, og her ynskjer eg å fokusere både på den kommunikasjonen som allereie eksisterer mellom foreldre og lærarar, samt korleis ein kan fremje eit godt skule-heim- samarbeid ved bruk av digitale verktøy som epost, sms, heimesider og evt. læringsplataformar.** Ved bruk av kvalitative intervju ynskjer eg å spørje eit utval av foreldre og lærarar om ulike forhold knyta opp mot temaet.

Intervjuet vil ta ca ein time, og det vil bli brukt båndopptakar. Intervjuet vil i ettertid bli transkribert, og vil inngå i datamaterialet som vil ligge til grunn for analyse og drøfting. Eg ber om løyve til å kunne gjengi sekvensar eller sitat frå intervjuet mitt med deg i oppgåva. Eventuelle sekvensar eller sitat som blir gjengitt, vil bli anonymisert, og vil ikkje vere gjenkjenneleg for andre leesarar av oppgåva.

Eg ber også om løyve til at rettleiaren min kan få lese det transkriberte materialet dersom det er nødvendig eller ynskeleg.

Datamaterialet som vert samla inn vil bli oppbevart konfidensielt, og lydopptak blir sletta ved prosjektslutt. Alt datamateriale blir anonymisert.

**Du kan trekke deg frå deltaking i studien kva tid som helst, deltakinga er frivillig og dersom du vel å trekke deg frå studien eller ikkje vil delta, vil det ikkje få nokon konsekvens for det forholdet du har til skulen.** Dersom du ynskjer det, kan du få ein kopi av transkripsjonen frå intervjuet. Dersom er blir aktuelt å presentere nokre sekvensar eller sitat frå ditt intervju kan du, dersom du ynskjer det, få dette tilsendt når

råutkastet til oppgåva er ferdig. Du kan ta kontakt dersom du har spørsmål eller kommentarar angåande ditt intervju.

Oppgåva skal vere levert til Høgskulen Stord/Haugesund innan utgongen av desember 2011.

Stord 19.10.2010

Borghild Gullberg Bakka

## **Vedlegg 2**

### **Samtykkeerklæring**

Prosjekt:Ei undersøkjing av foreldre og lærarar sin bruk av IKT i skule-heim-samarbeid.

Ansvarleg: Borghild Gullberg Bakka

Rettleiar: Aslaug Grov Almås

Studiestad: Høgskulen Stord/Haugesund, Stord

Studieretning: Mastergradstudie i IKT i læring

Eg stadfestar med dette at eg har lese informasjonen om forskingsprosjektet frå underteikna, Borghild Gullberg Bakka, vedr. Forskinsprosjektet. Eg gir samtykke til følgjande:

- Deltaking i intervju i hht. prosjektbeskriving
- Tillating til at intervjuet blir tatt opp på lydbånd.
- Tillating til at intervjuet blir transkribert.
- Tillating til at sitat og sekvensar frå intervjuet blir brukt i masteroppgåva. Dette blir gjort i anonymisert form.
- Tillating til at, dersom det er ynskjeleg eller naudsyng, at rettleiar kan lese det transkriberte intervjuet.

Eg stadfestar også at eg gjennom informasjonsskrivet er gjort kjend med at eg kva tid som helst kan trekke meg frå forskingsprosjektet.

Stad

Dato

Namn - informant

## Vedlegg 3

### Intervjuguide foreldre

Bakgrunnsopplysingar

Alder

Kjønn

Utdanning

Har elev på .....trinn

### Samarbeid

1. Kor ofte har du kontakt med eleven din sin lærar eller med skulen?
2. Synest du dette er ofte nok?
3. Kva legg du i omgrepet samarbeid?
4. Kva samarbeider de om? (faglege eller sosiale utfordringar? Informasjon?)
5. Kva forventningar har du til skule-heim-samarbeidet? (Er desse avklart med andre forldre/skulen?) Eller ei samansettinga av desse?)
6. Er det noko ved eit slik IKT-samarbeid som blir annleis enn eit tradisjonelt samarbeid?  
Utdjup. (Avgrensingar, fordelar, betre/dårlegare samarbeid)
7. Er det noko du ynskjer å utdjupe i forhold til temaet?

### Tema- Organisering

1. Korleis er Skule-heim-samarbeidet organisert frå di side?
2. Kvifor bruker du IKT i samarbeidet mellom skule og heim?
3. Kan bruk av IKT føre til eit betre samarbeid mellom skule og heim? Forklar
4. Er det noko du ynskjer å føye til i forhold til temaet?

### Tema – kommunikasjon

1. Samarbeid mellom skule og heim betyr at du må kommunisera med skule og lærar, korleis forstår du omgrepet kommunikasjon i denne samanheng? (dialog?)
2. Kor viktig er det å ha kunnskap om kommunikasjon når ein skal samarbeide med skulen?
3. Kva kommunikasjonsløysingar eller program nyttar du deg av i Skule-heim-samarbeidet? Her tenkjer eg skulen si heimeside, epost, sms, msn osv. (styrker/svakheiter)
4. Trur du at ein lærar må ha visse eigenskapar for at bruk av IKT i Skule-heim-samarbeidet skal ha ein funksjon? (Utdjup?) Kva med foreldre?
5. Trur du at det finst enkelte grupperingar av foreldre som i større grad kan ha eit utbytte av IKT-bruk i Skule-heim-samarbeidet enn andre?
6. Korleis vil du skildre dei lærarane som brukar IKT i skule- heim samarbeidet? Er det noko som skiljer dei frå dei som ikkje bruker det?
7. Er det noko du ynskjer å føye til eller utdjupe i samband med dette teamet?

## **Effektar**

1. Kva er ditt generelle inntrykk av foreldre sin bruk av IKT i skule- heim samarbeid?
2. Dersom det er snakk om kompetanseheving på skule- heim- samarbeidet, kva meiner du ein bør lære meir om?
3. Korleis påvirker IKT-samarbeidet ditt forhold til skulen? (Får du meir innflytelse, sterke/Svakare posisjon som forelder, uttrykker du deg annleis?)
4. Har IKT-bruk i skule- heim samarbeidet ført til eit forbetra samarbeid med enten lærarar eller andre foreldre?
5. Synest du at bruk av IKT har ført til at samarbeidet mellom skule og heim er blitt styrka? (Utdjup).

Er det noko du har lyst å tilføye som ikkje har vore tatt opp under intervjuet?

## Vedlegg 4

### Intervjuguide til lærarane

Namn/alder

Kjønn

Utdanning

Erfaring, trinn

#### Tema – samarbeid

1. Kor ofte har du kontakt med foreldra til elevane dine?
2. Synest du dette er ofte nok?
3. Kva legg du i omgrepet samarbeid?
4. Kva samarbeider de om? (faglege/sosiale utfordringar? Informasjon?)
5. Kva forventingar har du til samarbeidet med foreldrene? Og kva trur du dei forventar av deg?
6. Er det noko meir du ynskjer å sei i forhold til dette temaet

#### Tema- organisering

5. Korleis er Skule-heim-samarbeidet organisert frå di side?
6. Kvifor bruker du IKT i samarbeidet mellom skule og heim?
7. Ser du nokon fordelar ved bruk av IKT i skule-heim- samarbeid? Og Ulempar? (foreldreinntrekk, meir/mindre arbeid?)
8. Er det noko du generelt ikkje kan samarbeide om ved bruk av IKT? Finst det avgrensingar ved bruk av IKT til dette samarbeidet?
9. Kan bruk av IKT føre til eit betre samarbeid mellom skule og heim? Forklar
10. Er det noko du ynskjer å føye til i forhold til temaet?

#### Tema – kommunikasjon

1. Samarbeid mellom skule og heim betyr at du må kommunisera med foreldra, korleis forstår du omgrepet kommunikasjon i denne samanheng? (dialog?)
2. Kor viktig er det å ha kunnskap om kommunikasjon når ein skal samarbeide med foreldre?
3. Kva kommunikasjonsløysingar eller program nyttar du deg av i Skule-heim-samarbeidet? Her tenkjer eg skulen si heimeside, epost, sms, msn osv. (styrker/svakheiter)
4. Trur du at ein lærar må ha visse eigenskapar for at bruk av IKT i Skule-heim-samarbeidet skal ha ein funksjon? (Utdjup?)
5. Trur du at det finst enkelte grupperingar av foreldre som i større grad kan ha eit utbytte av IKT-bruk i Skule-heim-samarbeidet enn andre?
6. Kva ynskjer du å oppnå ved å bruke IKT i kommunikasjonen mellom skule og heim?
7. Er det noko du ynskjer å føye til eller udjupe i forhold til dette temaet?

## **Effektar**

1. Kva er ditt generelle inntrykk av foreldre sin bruk av IKT i skule- heim samarbeid?
2. Dersom det er snakk om kompetanseheving på skule- heim- samarbeidet, kva meiner du ein bør lære meir om?
3. Synest du at bruk av IKT i samarbeidet mellom skule og heim fører til at ein uttrykker seg annleis? At ein t.d passer på kva ein skriv?
4. Er det noko du har lyst å tilføye som ikkje har vore tatt opp under intervjuet?

## Vedlegg 5

### Rektorane si stadfesting

**Fra:** Borghild Mithila Gullberg Bakka [mailto:129807@studpost.hsh.no]

**Sendt:** 18. januar 2011 12:12

**Til:** [REDACTED]

**Emne:** Forskningsprosjekt

Underteikna er masterstudent ved Høgskulen Stord/Haugesund, og vil dette året skrive si masteroppgåve i IKT i Læring.

Eg vil med dette be om løyve til å bruke kontaktlærar i [REDACTED] kl ved [REDACTED] skule i mitt forskningsprosjekt "Det Nye Samarbeidet- bruk av IKT i Skule-heim-samarbeid". Lærar har ved munnleg kontakt sagt seg villig til å bli intervjuet, og i samband med dette, vil skulen som verksemdu også bli diskutert, og derfor er det viktig at rektor både er informert og har gitt sitt samtykke til dette.

Intensjonen ved prosjektet er å finne svar på korleis foreldre og lærarar si halding og forståing er ved bruk av IKT i Skule-heim-samarbeidet.

Intervjuopptaka vil ikkje bli offentleggjort, og skal kun brukast av undeteikna som empirisk grunnlag i masteravhandlinga. Alle personar og skular blir anonymisert.

Datamaterialet vil bli behandla etter reglar for datasikring og personvern. Prosjektet vert meldt til Norsk samfunnsvitenskaplige datatjeneste AS så snart som råd, og alt datamaterialet vil bli sletta ved prosjektslutt, forhåpentlegvis i oktober 2011.

Å delta i undersøkinga er fritt, og både lærarar og foreldre kan trekke seg frå prosjektet kva tid som helst.

Dersom du har spørsmål, ta gjerne kontakt!

Takk!

Borghild M G Bakka, masterstudent ved IKT i læring, Høgskolen Stord/Haugesund

**Fra:** [REDACTED] Ny kontakt  
**Til:** Borghild Mithila Gullberg Bakka <129807@studpost.hsh.no>  
**Tittel:** SV: Forskningsprosjekt  
**Dato:** 2011-01-19 18:33

Det er i orden.

Mvh

[REDACTED]

**Fra:** Borghild Mithila Gullberg Bakka [mailto:129807@studpost.hsh.no]  
**Sendt:** 18. januar 2011 12:12  
**Til:** [REDACTED]  
**Emne:** Forskningsprosjekt

Underteikna er masterstudent ved Høgskulen Stord/Haugesund, og vil dette året skrive si masteroppgåve i IKT i Læring.

Eg vil med dette be om løyve til å bruke kontaktlærar i [REDACTED].kl ved [REDACTED] skule i mitt forskningsprosjekt "Det Nye Samarbeidet- bruk av IKT i Skule-heim-samarbeid". Lærar har ved munnleg kontakt sagt seg villig til å bli intervjuet, og i samband med dette, vil skulen som verksemd også bli diskutert, og derfor er det viktig at rektor både er informert og har gitt sitt samtykke til dette.

Intensjonen ved prosjektet er å finne svar på korleis foreldre og lærarar si halding og forståing er ved bruk av IKT i Skule-heim-samarbeidet.

Intervjuopptaka vil ikkje bli offentleggjort, og skal kun brukast av undeteikna som empirisk grunnlag i masteravhandlinga. Alle personar og skular blir anonymisert.

Datamaterialet vil bli behandla etter reglar for datasikring og personvern. Prosjektet vert meldt til Norsk samfunnsvitenskaplige datatjeneste AS så snart som råd, og alt datamaterialet vil bli sletta ved prosjektslutt, forhåpentlegvis i oktober 2011.

Å delta i undersøkinga er fritt, og både lærarar og foreldre kan trekke seg frå prosjektet kva tid som helst.

Dersom du har spørsmål, ta gjerne kontakt!

Takk!

Borghild M G Bakka, masterstudent ved IKT i læring, Høgskolen Stord/Haugesund

Hei Borghild!

Ja, dette høyrdest berre spennande og kjekt ut. Forstod på [REDACTED] at det var heilt i orden for [REDACTED], og då er det sjølvsagt heilt i orden for meg [REDACTED]

Gler meg til å lesa! (Reknar med eg får lov til det!) Skulen som verksemd har nok mykje å ta fatt i på dette området!

[REDACTED]